

Årsrapport 2025



Innhald

1 Styret si utgreiing	4
2 Introduksjon til verksemda og hovudtal	7
3 Årets aktivitetar og resultat	13
Rapportering på sektormåla	
Rapportering om utviklingsavtala	
Mål 1: NIH skal gje fleire studentar tilpassa idrettsvitskapeleg kompetanse i tråd med samfunnets behov	15
Mål 2: NIH skal tilby forskingsbasert og samfunnsrelevant vitenskapleg utdanning der læringa til studentane og eit inkluderande læringsmiljø står i sentrum	18
Mål 3: NIH skal vidareføre ei brei idrettsvitskapleg forskingsportefølje av høg kvalitet som fremjar ei berekraftig samfunnsutvikling	24
Mål 4: NIH skal tydeleggjere institusjonen sin samfunnsrelevans	28
4 Styring og kontroll i verksemda	34
Del 1 - Rapportering om styring og kontroll	
Del 2 - Rapportering på andre føresetnadar og krav	
5 Vurdering av framtidsutsikter	45
6 Årsrekneskap	52



2028 studenter tok utdanning ved NIH i 2025.
Foto: Katja Anker Kulmus

1 \ Styret si utgreiing

I løpet av 2025 har styret halde seks styremøter ved NIH, i tillegg til eit halvdagsseminar der det nye styret blei introdusert for institusjonen. Det har vidare vore styreseminar i regi av KD. Totalt har styret handsama 83 orienterings- og vedtakssaker.

2025 har vore eit år prega av utvikling, fornying og sterke faglege og organisatoriske prosessar ved Noregs idrettshøgskole (NIH). Styret har gjennom året handsama ei rekkje saker av stor betydning for institusjonen si vidare retning. Året var samstundes eit overgangsår med nytt rektorat og nytt styre frå 1. august, i viktige prosessar innan strategi, arbeidsmiljø, utdanning og samarbeid med arbeidslivet. Dette utgjør til saman grunnlaget for styret sitt arbeid og vurderingar i 2025.

Blant dei viktigaste saksområda har vore:

- NIHs strategi for 2026–2030
- NIHs samfunnsrelevans og framtid
- To nye forskingssenter blei oppretta i 2025
- Oppretting av råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA)
- Gjennomføring av IT- sourcingstrategi ved NIH og innføring av Advania som ny leverandør av IT-tenester
- Rektorval, val av tilsette-representantar, samt nye eksterne styremedlemmer til høgskolestyret
- Investeringsplan for perioden 2024–2029
- Forretningsorden for styret
- NIH blei Miljøfyrtårn
- Oppretting av to nye masterprogram:
 - Praktisk-pedagogisk master i kroppsøving, idrettsfag og friluftsliv
 - Master i idrettsternæring

Leiinga ved NIH har hausten 2025 hatt to møter og god dialog med Kunnskapsdepartementet om utvikling og finansiering av NIHs anlegg på campus.

Strategi, planverk og styring

Ein sentral del av styret sitt arbeid i 2025 har vore oppfølginga av NIH sitt overordna planverk. Styret handsama eit grundig tilbakeblikk på Strategisk plan 2021–2025, med vurdering av korleis planverket fungerer som styringsgrunnlag og korleis det kan vidareutviklast i lys av endra rammevilkår og ny utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet.


Styret tok initiativ til og følger opp prosessen med å utvikle ny strategisk plan for perioden 2026–2030, som skal leggjast fram for nytt styre i mars 2026. Målet er å sikre eit planverk som er heilskapleg og operativt, og som legg til rette for samordning av handlingsplanar, instituttvise tiltak og langtidsplanar innan mellom anna studie- og forskingsportefølje, inkludering og mangfald, digitalisering og arbeid med ekstern finansiering.

Styret handsama òg organiseringa av planverket generelt, inkludert behovet for smidigare rapportering og tydeleg kopling mellom strategiske mål og operative tiltak.

Leiing, organisasjon og arbeidsmiljø

2025 var året for rektorval, der to kandidatpar stilte, og eit nytt rektorat blei valt med tiltreding frå 1. august: rektor Aage Radmann og prorektor Live Steinnes Luteberget. Styret blei orientert om prosessen og gjennomføringa av valet.

Som del av førebuingane til nytt styre blei det



våren 2025 gjennomført val av fire interne styremedlemmer blant dei tilsette. Styret blei orientert om resultatane og om prosessen med å foreslå eksterne styrekandidatar til Kunnskapsdepartementet.

Arbeidsmiljøet ved NIH blei dokumentert gjennom ARK-undersøkinga 2025, som viste eit stabilt godt arbeidsmiljø med høg deltaking (svarprosent på 78,5) og gjennomgåande skårar mellom 4 og 4,4. Styret merkar seg særleg dei sterke resultatane knytt til leiing og samarbeid, som ligg på 4,4.

I tillegg følgde styret NIH si rolle i det pågåande arbeidet med nytt nasjonalt topidrettssenter, eit strategisk viktig prosjekt for institusjonen og sektoren.

Økonomi og kvalitetssikring

Styret handsama Riksrevisjonen si beretning for årsrekneskapen 2024, som blei teken til orientering. Dette arbeidet er ein viktig del av styret sitt ansvar for kvalitet og kontroll i økonomistyringa.

Styret har dei siste åra hatt ei nøye oppfølging og drøfting av den totale økonomien for NIH. Etter fleire år med innsparingar og eit svært avgrensa økonomisk handlingsrom, noterer styret ei forbetra økonomi dei komande åra basert på langtidsbudsjettet.

Utdanning, studietilbod og søkjartal

Styret tok i løpet av året imot analysar av søkjartala for studieåret 2025/2026, som framleis viser stabil interesse for NIH sine utdanningar.

Søkjartala inngår i styret si vurdering av kapasitet, kvalitetsutvikling og strategiske prioriteringar innan utdanning.

I tillegg vurderte styret status for porteføljen av utdanningstilbod og korleis NIH best kan møte endringane i samfunnet sitt behov for idrettsvitskapleg kompetanse – både gjennom gradsstudium og fleksible tilbod.

Forsking og utvikling

Status for ekstern finansiering av forsking er at NIH i 2025 søkte om 145,4 millionar kroner. NIH har eit førebels tildeling på 32 prosent, som tilsvara 46,7 millionar kroner.

Vidare følgde styret opp rapporteringa frå Etisk komité for idrettsvitskapleg forsking og komité for forskarutdanning. Komiteane sitt arbeid blir vurdert som sentralt for kvalitet i forskarutdanninga og forskingsetikken ved NIH.

Samarbeid med arbeidslivet og eksterne relasjonar

Eit viktig vedtak i 2025 var styret si avgjerd om å gjenopprette eit Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA). Formålet er å styrkje samarbeidet med offentleg, privat og ideell sektor i utdanning og forsking, og sikre systematikk i dialogen med eksterne samarbeidspartnarar.

Styret følgde òg nøye førebuingane til og deltakinga i det årlege etatsstyringsmøtet med Kunnskapsdepartementet, som blir sett på som ein sentral arena for institusjonell dialog og styring.



Det nye styret tok til hausten 2025. Frå venstre: Håkon Lund, Astrid Karoline Søby Ofredal, Sigmund Alfred Anderssen, Grethe Ingeborg Nykkelmo, Oddrun Elisabeth Samdal, Knut-Eirik Dybdal, Live Luteberget, Aage Radmann, Per Nilsson, Heidi Linn, Elisabeth Teinung og Siv Gjesdal.
Foto: Gjermund Erikstein-Midtbø

Oppsummering

2025 har vore eit år som har kombinert kontinuitet og fornying ved Noregs idrettshøgskole. Styret har i løpet av året bidrege til å:

- sikre eit heilskapleg og strategisk solid planverk
- gjennomføre viktige val og styrkje organisasjonen si leining
- vidareutvikle arbeidet med kvalitet, økonomistyring og etikk
- styrkje utdanningstilbodet og samarbeidet med arbeidslivet
- leggje grunnlaget for ny strategisk plan mot 2030

NIH står ved utgangen av 2025 godt rusta for vidare utvikling innan forskning, utdanning og øvrige samfunnsoppdrag.

13.03.2026

Aage Radmann

Per Nilsson

Astrid Karoline Søby Ofredal

Nina Waaler

Sigmund Alfred Anderssen

Heidi Linn

Oddrun Elisabeth Samdal

Siv Gjesdal

Håkon Lund

Knut-Eirik Dybdal

Elisabeth Teinung

2 \ Introduksjon til verksemda og hovudtal

Noregs idrettshøgskole (NIH) vart etablert som ein statleg vitskapleg høgskule i Oslo i 1968 og er eigd av Kunnskapsdepartementet. NIH er i dag Noregs leiande utdannings- og forskingsinstitusjon innan idrettsvitskap.

Samfunnsoppdraget vårt er å tilby høgare utdanning, drive forskning og formidle kunnskap innan eit breitt spekter av idrettsvitskaplege disiplinar. Aktivitetsfeltet omfattar alt frå breidde- og toppidrett til kroppsøving, friluftsliv og ulike former for organisert og sjølvorganisert rørsleaktivitet. Gjennom ein tverrfagleg tilnærming til undervisning og forskning er menneske i rørsle hovudfokuset vårt, uavhengig av alder eller funksjonsevne.

NIH orienterer seg i stor grad mot andre samfunnssektorar, som helse, skule, idrett og næringsliv, og søker aktivt samarbeid med nye samarbeidspartnarar.

NIHs styre er høgskulen sitt øvste organ. Toppleinga er todelt, med valt rektorat og tilsett administrerende direktør.

Undervisnings-, forskings- og formidlingsverksemda ved NIH er organisert i fire institutt med delegert budsjettansvar. Kvart institutt vert leia av ein instituttleiar i åremålsstilling og ein fast tilsett kontorsjef. Instituttleiarane utgjer saman med prorektor og administrerende direktør den faglege leiargruppa (FL), som fungerer som eit rådgjevande organ for rektor.

NIH har òg to veletablerte eksternt finansierte forskingssenter: Senter for barne- og ungdomsidrett (FOBU) og Senter for idrettsskedeforskning (Oslo Sports Trauma Research Center – OSTRC). Sentra er knytte til institutta, vert leia av eigne senterleiarar og har dedikerte administrative ressursar.

I 2025 vart det oppretta ytterlegare to forskingssenter: Senter for kvinnehelseforskning i idrett og fysisk aktivitet og Oslo senter for fysisk aktivitet og folkehelse. Det sistnemnde er etablert som eit "WHO collaborating center". Dei nye sentra vil styrkje høgskulen si satsing på folkehelse.


I 2025 har NIH vidareutvikla undervisningsporteføljen med nye studietilbod: integrert praktisk-pedagogisk master i kroppsøving, idrettsfag og friluftsliv, og master i idrettsernæring.

Den teknisk-administrative verksemda ved NIH består av sju fagavdelingar, kvar leia av ein fast tilsett avdelingsleiar med personal- og budsjettansvar. Avdelingsleiarane danner den administrative leiargruppa (AL), som fungerer som eit rådgjevande organ for administrerende direktør.

NIHs noverande strategi for perioden 2021–2025 vert avløyst av ein ny strategi for 2026–2030. Strategien vert ferdigstilla og vedteken våren 2026.

NIH vart miljøfyrtårn-sertifisert i 2025.

Organisasjonskart for Noregs idrettshøgskole



Nøkkeltal



2028

studenter
haust 2025



Antal
stipendiatar

62

pr. 31.12.



Antal årsverk

228,38

Hvorav vitenskapelig: 137,93
og teknisk/administrative: 90,45



Inntekt frå løyving

kr 305 340



Tilskot og
overføringar

kr 51 281



Brukarar leietakarar NIH
anlegg

450 000



Aage Radmann hadde sin fyrste opptreden som rektor i strålende sol under immatrikuleringa i august.
Foto: Gjermund Erikstein-Midtbo

Høgdepunkt



2025

NIH blei miljøfyrtårn



Senter for
idrettsskedeforskning

25 år

Eksternfinansierte forskningsprosjekt:

EU: nytt EIT HEI Initiative prosjekt Sport-IE

NFR: Co-developing an Evidence-Based Framework for Equity, Diversity and Inclusion in Physical Teacher Education

Kreftforeningen: SENSOR-LIIFE

NovoNordisk - Metabolic Ageing, Epigenetic Memory of Mitochondrial Function in Aging Skeletal

Muscle (EMMA) – implications for healthy metabolic aging

Sparebankstiftelsen – “Skadefri- status og veien videre” (OSTRC)

Priser:

Shanghai ranking: Nr. 2

Jorunn Sundgot-Borgen fekk Kongens fortjenstmedalje for mangeårige innsats innan forskning på kvinnehelse

UngParaFRISK vann pris for beste bod på forskningstorget under Forskningsdagane.

Highly Cited Award Recipient:

For femte år på rad var professor Ulf Ekelund på Clarivate sin årlege liste over verdas mest siterte forskere.



To nye forskingssentre:

- Senter for kvinnehelseforskning i idrett og fysisk aktivitet
- Oslo senter for fysisk aktivitet og folkehelse



Kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffrey fekk omvisning av rektoratet etter at ho heldt ei av opningstalene under immatrikuleringa i august.

Foto: Gjermund Erikstein-Midtbø

Noregs mest populære studiestad
for idretts- og lærarutdanning

3 \ Årets aktivitetar og resultat

Rapportering på sektormåla

Dei tre overordna og langsiktige sektormåla for universitet og høgskular er:

- Høg kvalitet i utdanning og forskning
- Berekraftig samfunnsutvikling, velferd og innovasjon
- God tilgang til utdanning, forskning og kompetanse i heile landet

Sektormål 1:

Høg kvalitet i utdanning og forskning

NIH vidareutviklar ein kultur der studentane, dei vitskapleg tilsette og administrasjonen samarbeider om ei kontinuerleg forbetring av studiekvaliteten. Ein slik kultur aukar trivselen til studentane og styrkjer tidsbruken i læringsarbeidet. Overordna meiner NIH at studieporteføljen som heilskap har ein fagprofil og ei innretning som i stor grad møter samfunnsbehova i dag og i nær framtid.

Gjennomføringsgraden blant studentane, både på bachelor- og masternivå, ligg over gjennomsnittet i sektoren, noko som er ein indikator på at NIH held høg kvalitet i utdanninga. Delen ph.d.-kandidatar som fullfører innan seks år har vore stabil på 75 prosent dei siste åra. Kvaliteten i programma blir følgd opp gjennom kvalitetssystemet, og det blir arbeidd med kontinuerleg forbetring og utvikling.

NIH har halde ei stabil plassering på Shanghai-rangeringa dei siste åra og ligg på andreplass i

2025. Vidare er fleire av forskarane våre blant dei mest siterte i Noreg innanfor sine fagområde. To av institutta ved NIH har blitt fagleg vurderte av Noregs forskingsråd (NFR) med høge skårar. NFR vurderer forskingsstrategiane til einingane som svært sterke og i tråd med institusjonen sin overordna strategi.

Sektormål 2:

Berekraftig samfunnsutvikling, velferd og innovasjon

NIH har halde fram med å lukkast med fleire EU-søknader retta mot innovasjon og entreprenørskap, noko som gjer at vi har vidareført arbeidet med å styrkje den institusjonelle innovasjonskapasiteten. Gjennom dette arbeidet utviklar vi studieemne innan løysing av komplekse problemstillingar, digitalisering og sosial innovasjon, og i tillegg styrkt studentengasjementet for innovasjon og entreprenørskap. Vidare utviklar vi samarbeidet med fleire ikkje-akademiske partnerar som utviklar løysingar for å fremje fysisk aktivitet i befolkninga.

Studentorganisasjonane arrangerer årleg ein innovasjonsdag der tilsette og studentar møter representantar frå næringslivet. Vi held fram med å styrkje kapasiteten vår innan innovasjon og entreprenørskap for å kunne bidra til det akutte behovet for nye tiltak som kan gjere befolkninga meir fysisk aktiv og dermed redusere dei nasjonale helsekostnadene.

Sektormål 3: God tilgang til utdanning, forskning og kompetanse i heile landet

Frå og med 2025 har alle institutta ved NIH utvikla heildigitale emne, der nokre av desse blir tilbydde som valemne i dei ordinære studieprogramma. Dette gjer at faga våre kan takast over heile Noreg, både av campusstudentar og som vidareutdanning. Å utvikle heildigitale emne av høg kvalitet krev stor innsats og mykje tid, og derfor er alle emna inkluderte i kvalitetssystemet for utdanning ved NIH.

Som ei spesialisert vitskapleg høgskole bidreg NIH til forskning over heile landet gjennom samarbeid innan idrettsvitskap i vid forstand med andre institusjonar i Noreg.

Rapportering om utviklingsavtala

I 2025 har NIH gjort tydelege framskritt på alle hovudområda i utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet.

NIH har etablert Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) og blitt medlem i European Observatoire of Sport and Employment, i tillegg til at vi har hatt ei systematisk gjennomgang av praksisordningar for å styrkje arbeidslivsrelevansen i studiane. Innovasjonskapasiteten er auka gjennom EU-prosjekta SPIEP og Sport-IE.

Studentanes læring og læringsmiljø er vidareutvikla gjennom auka studentinvolvering i kvalitetsarbeid, etablering av en heilskapeleg «Akademisk verktøykasse» og tydeleggjering av retningslinjer for KI-bruk. Internasjonaliseringa er styrkt gjennom engelskspråklege emne, ph.d. sommarskole og auka bruk av Erasmus+.

NIH har hatt sterk forskingsaktivitet med 145,4 millionar kroner i søknadsvolum og fleire nye tilsegn. To forskingssenter; Senter for kvinnehelseforskning i idrett og fysisk aktivitet og Oslo senter for fysisk aktivitet og folkehelse, er etablert. Sistnemnte er opprette som WHO Collaboration Centre. Yngre forskarar er prioritert gjennom nye opplæringsløp og strukturerte støttefunksjonar.

Institusjonen har hatt betydeleg gjennomslag i offentlegheita, drive aktiv formidling, og nådd nye publikumsgrupper gjennom seminar, podkast, video og sterk vekst i sosiale medium. Rekrutteringsarbeidet er styrkt gjennom målretta digital marknadsføring og brei innsats for mangfald og inkludering.

Samla viser 2025 at NIH står godt rusta til å nå dei langsiktige måla i utviklingsavtalen og stadfestar posisjonen som ein leiande idrettsvitskapeleg institusjon nasjonalt og internasjonalt. NIHs samla innsats innan utdanning, forskning, innovasjon og samfunnskontakt viser god strategisk retning og betydeleg framdrift.

Heilårsrapporten viser at NIH i 2025 har:

- styrkt arbeidet med arbeidslivsrelevans og innovasjonskapasitet i tråd med utviklingsavtala
- vidareutvikla studieporteføljen på ein strategisk, systematisk og kunnskapsbasert måte
- styrkt studentane si læring og læringsmiljø, særleg gjennom KI-integrasjon og involvering i kvalitetsarbeid
- oppnådd brei forskingsmessig utvikling, inkludert synlegheit, ekstern finansiering og etablering av nye forskingssenter
- markert seg som ein tydeleg samfunnsaktør

som leverer forskingsbasert kunnskap og bidreg til debatt, politikk og praksisfeltet

- nådd breiare befolkningsgrupper gjennom styrkt kommunikasjon, strategi og mangfaldsarbeid

NIH står med dette godt posisjonert til å levere på både dei langsiktige ambisjonane og dei operative måla i utviklingsavtalen med KD. Institusjonen viser gjennom 2025 ein tydeleg ambisjon om å vere ein meir open, relevant og framtidsretta idrettsvitskapleg institusjon som er klar for å bli universitet.

Under følger rapportering og vurdering av tiltak, grad av måloppnåing og vegen vidare på dei ulike målområda i utviklingsavtala.

Utdanning

Mål 1:

Gi fleire studentar tilpassa idrettsvitskapleg kompetanse i tråd med samfunnet sine behov

Prioriterte oppgåver:

- Styrkje NIH sitt systematiske samarbeid med arbeidslivet og auke arbeidslivsrelevansen i programma
- Etablere innovasjonsaktivitetar som fremjar entreprenørskap og innovasjon på tvers av fagområde og program
- Leggje føringar for korleis den samla studieporteføljen bør utviklast på sikt i lys av samfunnsutvikling og rammevilkår

Målet krev både ei vidareutvikling av NIHs campusbaserte heiltidsstudiar og ei utviding av det fleksible utdanningstilbodet. Heiltidsstudia omfattar tematiske årseiningar og gradsutdanningane; bachelor-, master- og ph.d.-løp. Det fleksible utdanningstilbodet

omfattar nettbaserte kurs, samlingsbaserte tilbod og hybride løysingar. Samla skal studieporteføljen spegle ei samfunnsutvikling prega av auka mangfald og vekt på sosial berekraft.

Tre styringsparametrar er knytte til målet:

Styringsparameter 1:

Implementere ein modell for systematisk samarbeid med arbeidslivet på programnivå

Å styrkje det systematiske samarbeidet med arbeidslivet har stått sentralt i inneverande strategiperiode. Samarbeidet med arbeidslivet er organisert gjennom ein kombinasjon av yrkespraksisordningar, faglege bidrag frå eksterne aktørar i undervisning og vurdering, og i tillegg systematisk rapportering og oppfølging på programnivå gjennom den årlege rapporteringssløyfa i kvalitetsarbeidet. Programansvarlege har ansvar for å følgje opp samarbeid med arbeidslivet i sine program, og dette blir rapportert årleg gjennom programrapportane.

Alle studieprogram på NIH har identifisert relevante samarbeidspartnarar i arbeidslivet, og det blir tilbydd yrkespraksisordningar i alle NIHs gradsgivande program. I løpet av 2025 vart det sett i gang eit arbeid med kartlegging av yrkespraksisordningane på dei ulike programma, og i tillegg mogleg samordning og utvikling av felles rutinar for organisering av yrkespraksis. Dette arbeidet blir vidareført i 2026.

Studiebarometeret har eit eige spørsmålsbatteri som omhandlar studentane si oppleving av tilknytning til arbeidslivet. NIH har over fleire år skåra på linje med sektorgjennomsnittet. I 2025 var det gledeleg å sjå at samla skår på desse spørsmåla auka frå 3,2 til 3,4, to tidelar over det nasjonale gjennomsnittet.

Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) vart revitalisert i 2025 for å styrkje samarbeidet med arbeidslivet på institusjonelt nivå. Medlemmene i RSA representerer dei mest sentrale samfunnsaktørane for NIHs studieportefølje; idrettsrørsla, kommune og fylkeskommune, privat næringsliv, skule, helsesektoren og innovasjonsmiljø.

Styringsparameter 2:

Etablere fleire nettbaserte og fleksible studietilbod innanfor ei breiare utdanningsportefølje ved NIH

Interessa for NIHs nettbaserte emne var solid også i 2025. Emna har bidrege til å nå nye målgrupper, både geografisk og aldersmessig. Samstundes kan dei nyttast som valemne ved eigen institusjon, og gjennom dette bidra til større fleksibilitet for campusstudentar. Fleire nye prosjekt vart sette i gang, og når nettemnet i idrettsernæring er ferdig utvikla, vil alle dei fire institutta ved NIH bidra til porteføljen av fleksible studietilbod. Ut over idrettsernæring vart det arbeidd aktivt med utvikling av fleksible og nettbaserte tilbod innan vitskapleg metode og inkluderande kroppsøving.

Erasmus+ Sport-partnerskapet SPIEP, som vert koordinert av NIH, utviklar tre emne som skal gjere studentar frå seks universitet betre på innovasjon og entreprenørskap som fremjar fysisk aktivitet i sårbare grupper; innan digitalisering, løysing av komplekse problemstillingar og sosial innovasjon.

Gjennom koordinering av eit anna EU-finansiert prosjekt (Sport-IE), arbeider NIH med å kartlegge kva for emne innan innovasjon og entreprenørskap retta mot idrettsvitskap som allereie finst hos partnarane. Vi jobbar også for å få til deling av desse på tvers av institusjonane. Dette kan skje gjennom etablering av lokale emne, fellesemne eller gjennom

utvekslingsmoglegheiter – både digitale og fysiske.

Dette er i tråd med målet vårt om fleire emne på engelsk, for å sikre at NIH kan tilby eit heilskapleg og konkurransedyktig utdanningstilbod til internasjonale studentar, samstundes som norske studentar får auka tilgang til internasjonale læringsarenaer. Ved å vende blikket utover og styrkje samarbeidet på tvers av landegrenser, legg NIH til rette for auka studentmobilitet, fagleg utvikling og deling av beste praksis innan innovasjon og entreprenørskap i idrettsvitskap.

Utvikling av digitale emne med høg kvalitet stiller særskilde krav. I 2025 vart det derfor utvikla retningslinjer for kvalitet i utvikling av digitale emne. I tillegg vart det etablert ei eiga rapporteringssløyfe i det systematiske kvalitetsarbeidet for frittståande emne som ikkje er del av eit ordinært studieprogram.

Styringsparameter 3:

Auke institusjonen si samla studiepoengproduksjon

NIH har i inneverande strategiperiode hatt ei stor auke i samla studiepoengproduksjon. Frå 2021 til 2025 har produksjonen auka frå 1000 til 1225 beståtte 60-studiepoengseiningar, ein samla vekst på 22,5 prosent. Auken i perioden er samansett av fleire faktorar, mellom anna fleire studentar på digitale emne, nye studieprogram, fleire aktive kull på femårig lærarutdanning og justering av opptaksrammer for fleire studieprogram. Den største auken i studiepoengproduksjon har kome på lågare



Biblioteket på NIH er ein sentral del av studentane sitt læringsmiljø. Tal for 2025 syner at besøket no er tilbake på eit høgare nivå enn før pandemien.

Foto: Daniel Kivle.



“Silent disco” i kantina under Fadderveka.

Foto: Sara Nerland.

gradsnivå, men institusjonen ser også potensial for framtidig vekst på høgare gradsnivå. Dette kjem etter at styret i 2025 vedtok å opprette to nye tilbod på masternivå: integrert praktisk-pedagogisk master i kroppsøving, idrettsfag og friluftsliv, og master i idrettsernæring. Det er vidare sett i gang prosessar for utvikling av mastertilbod i samarbeid med eksterne aktørar som International Olympic Committee (IOC) og Noregs Fotballforbund (NFF).

NIH har tatt i bruk SEFØ-modellen som verktøy for styring av studieporteføljen. I 2025 blei det utvikla eit kriteriesett som vart teke i bruk i vurdering av søkjartal og frammøtetetal ved semesterstart. Modellen bidreg til at porteføljen blir utvikla innanfor eit rammeverk som tek omsyn til både samfunnsutvikling og institusjonelle rammevilkår.

Samlet vurdering av mål 1 i utviklingsavtalen

I 2025 har NIH gjort betydelege framsteg i arbeidet med å styrkje studentane si idrettsvitskaplege kompetanse, tilpassa samfunnets behov. Samla sett blir måloppnåinga vurdert som god, særleg for styringsparameter 2 og 3. Det er etablert ei solid emneportefølje av fleksible og nettbaserte studietilbod, i tillegg til dei etablerte og nyare campusbaserte utdanningane våre. Institusjonen når difor breiare ut og til fleire grupper i befolkninga. Gjennom utvikling av nye tilbod og god porteføljestyling har institusjonen over tid løfta den samla studiepoengproduksjonen betydeleg.

Tilknytinga til arbeidslivet på programnivå har blitt meir systematisk i perioden. Det nyetablerte Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) har blitt ein sentral arena for systematisk dialog med representantar frå helsesektor, idrett, skule, frivilligheit, næringsliv og studentar. Medlemskap i European Observatoire of Sport and Employment (EOSE) gir institusjonen eit

strategisk utgangspunkt for å utvikle utdanningstilbod i tråd med norske og europeiske kompetansebehov. Det har vore ei positiv utvikling innanfor styringsparameter 1, og dette vil framleis vere eit prioritert område, både i gradsgivande studieprogram og i andre studietilbod.

Overordna meiner NIH at studieporteføljen har ein fagleg profil og ei innretning som i stor grad møter samfunnet sine behov innanfor institusjonen sitt fagområde. Institusjonen har vist god evne til å tilpasse seg endringar i samfunnet rundt oss, innanfor rammene av eit relativt stabilt tal tilsette og i ein utfordrande økonomisk situasjon. Den veksande porteføljen og auka studenttal er krevjande å drifte. Det er derfor viktig å vidareføre arbeidet med å sikre god kvalitet i tilboda, kombinert med strategisk og heilskapleg porteføljestyling.

Mål 2:

NIH skal tilby forskningsbasert og samfunnsrelevant utdanning der studentane si læring og eit inkluderande læringsmiljø står i sentrum.

Prioriterte oppgåver:

- Systematisk involvere studentar i revisjonen av emne og program, med særleg vekt på kritisk tenking og praktisk bruk av forskningsbasert kunnskap
- Auke kompetansen og bruken av KI i undervisning, læring og vurdering, med mål om å førebu studentane på arbeidslivet
- Etablere fleire engelskspråklege emne for å auka studentutveksling og -innveksling

Målet krev høg grad av studentmedverknad og auka fagleg samspel, både internt ved NIH og mellom NIH og utanlandske lærestader. Institusjonen skal vidareutvikle ein kultur der



NIH-student Theodor Haaland Gustavsen var ein av dei 150 førsteårsstudentane som hadde store glede av å vere ledsagar under Ridderuka.

Foto: Gjermund Erikstein-Midtbø.

studentar, fagleg tilsette og administrasjon samarbeider om å forbetre studiekvaliteten. Ein slik kultur skal bidra til auka trivsel og større tidsbruk i læringsarbeidet.

Tre styringsparametrar er knytte til målet:

Styringsparameter 1:

Styrkje undervisarane si kompetanse med sikte på å ta i bruk varierte og innovative undervisnings- og vurderingsmetodar

NIHs utdanningsdag er eitt av dei institusjonelle verkemidla for å inspirere og dele erfaringar knytte til innovativ undervisning. Arrangementet blir gjennomført årleg, og hovudtema i 2025 var vurdering. Kvart år blir det invitert eksterne bidragsytarar for å hente inspirasjon frå spennande prosjekt i sektoren. I 2025 vart vinnaren av Utdanningskvalitetsprisen for høgare utdanning 2024, Høyskolen Kristiania, invitert til å presentere prosjektet «Frå læring til vurdering». Dagen vart òg brukt til å diskutere utdanningsfaglege tema som fagmiljøa sjølve peikar på som viktige.

Studieutvalet (SU) deler kvart år ut såkornmidlar for å motivere til utforskning og utvikling av undervisningskvalitet. Prosjekta som vart fullførte i 2025, vart presenterte på utdanningsdagen for å dele erfaringar. Prosjekta «Chatbot for treningslære» og «Personlegdomstilpassa undervisning med Big Five og KI-genererte kasusar» er gode døme på at fagmiljøa tek i bruk ny teknologi på innovative måtar.

Den raske utviklinga av kunstig intelligens, og særleg dei store språkmodellane, har synleggjort behovet for institusjonell forankring av kompetanseutvikling på området. KI-forum, med deltakarar frå alle institutta og leia av prorektor, hadde fleire møte i løpet av året der ein diskuterte utviklinga i sektoren, behov for kompetanseutvikling og status ved NIH innan undervisning og fagmiljø. NIHs læringscenter (NIHLS) har utvikla eigne ressursider om temaet, hatt omfattande dialog med fagmiljøa og oppmoda kvar enkelt til å utvikle eigen forståing av moglegheiter og konsekvensar av KI innan eige fagfelt. Med ei grunnleggjande forståing på plass

blir det òg lettare å tenkje innovativt rundt undervisning og læring i ein slik kontekst.

Frå studentperspektivet har det vore viktig med større tydelegheit rundt kva som er tillaten bruk av språkmodellar og KI i læringsarbeidet. Med god støtte frå studentane vart det i 2025 utvikla retningslinjer for KI-bruk i vurderingssituasjonar. I løpet av året vart det gjort endringar i vurderingsformer i fleire emne i lys av KI-utviklinga. Særleg vurderingar knytte til heimeeksamen vart supplerte eller erstatta med munnleg eksaminasjon eller skuleeksamen.

Institusjonelle ordningar og møteplassar på tvers er viktige, men mykje av utviklingsarbeidet skjer òg i formelle og uformelle samanhengar på lågare nivå i den daglege drifta av utdanningane. Ved fleire institutt blir undervisning og kvalitetsutvikling gitt merksemd gjennom kick-off-seminar, semester møte eller eigne seminarrekker. Desse arenaene bidreg til å styrkje undervisarane sin kompetanse og skape eit felles engasjement for å utvikle undervisninga, både i tråd med fagleg utvikling, studentane sine behov og endringar i samfunnet.

Styringsparameter 2:

[Auke omfanget og kvaliteten på faglege tilbakemeldingar mellom studentar, og mellom fagtilsette og studentar, undervegs i studieløpet](#)

Formative tilbakemeldingar blir vurderte som sentrale i gode læringsprosessar, og dette har vore eit tema som har fått merksemd ved NIH gjennom perioden. Nye studentgenerasjonar har vakse opp under andre vilkår og rammer enn tidlegare generasjonar. Den typiske studenten i dag er truleg meir van med tilbakemeldingar frå skule, organisert fritid og digitale plattformer enn tidlegare. Som institusjon er det viktig å anerkjenne dette og justere undervisningspraksisen i tråd med

samfunnsutviklinga.

Studiebarometeret og interne emneevalueringar gir eit visst bilete av korleis studentane opplever omfanget og kvaliteten på tilbakemeldingar. Resultata viser at det framleis er rom for forbetring på dette området. Eksempelvis visar studiebarometeret at NIH skårar 3.1 (på en skal 1 til 5), på spørsmålet om tilfredsheit med talet på tilbakemeldingar frå fagleg tilsette i 2025, mot 3,3 i 2024. Spørsmålet om fagleg tilsette si evne til å gi konstruktive tilbakemeldingar skåra 3,5 i 2025 mot 3,6 i 2024. Emneevalueringane som blir gjennomførte ved slutten av kvart semester, gir eit noko anna bilete. Talet på tilbakemeldingar skåra 3,7 hausten 2025 mot 3,6 i 2024, medan konstruktive tilbakemeldingar skåra 3,8 begge år. Det må nevnas her at svarprosenten i evalueringane har variert, og det er difor er noko usikkerheit rundt desse tilbakemeldingane. Ved semesterstart i 2025 fekk studieavdelinga høve til å informere dei studenttillitsvalde om kor viktig studentane sine bidrag er for vidare utvikling gjennom tilbakemeldingar, og me håpar at dette, saman med andre tiltak, kan auka svarprosenten ved seinare anledningar.

NIHLS la i 2025 vekt på å motivere til auka bruk av vurderingsmatriser (rubrikkar) i arbeidet med tilbakemeldingar til studentane. Det vart utvikla ressursider på intranettet, informert gjennom digitale kanalar og gjennomført opplæring og dialog med undervisarar. Vurderingsmatriser har stort potensial for å betre kvaliteten på tilbakemeldingar gjennom strukturerte



Gjennom fem dagar fekk 17 doktorgradsstipendiatar frå 16 ulike land i DAISI-prosjektet, møte forskarar frå både NIH og samarbeidspartnarar ved KU Leuven, Swansea University, Johann Gutenberg University og Universitetet i Lausanne.

Foto: Gjermund Erikstein-Midtbø.

beskrivingar av kriterium knytte til ulike arbeidskrav og vurderingsformer. Tilgangen på språkmodellar (KI) har gjort arbeidet med å utvikle slike matriser langt mindre ressurskrevjande enn tidlegare.

Styringsparameter 3:

Sørgje for at ein større del av gradsstudentane gjennomfører utveksling i løpet av studietida

I 2025 var 49 gradsstudentar på utveksling. Dei fleste av desse var bachelorstudentar. Dette er ei auking fra året før, og det høgaste talet gradsstudentar på utveksling i strategiperioden.

Våren 2025 var første høve for studentar på den femårige lærarutdanninga i praktiske og estetiske fag, kroppsøving og idrettsfag (LUPE) til å gjennomføre utveksling. LUPE-studentar kan reise på utveksling i fjerde studieår (semester 8), og våren 2025 reiste ti studentar ut. Internasjonalt kontor arbeider systematisk med å identifisere og etablere utvekslingspartnarar med førehandsgodkjende emne for LUPE-studentane. Førehandsgodkjenning av emneplanar og læringsutbytte, i samarbeid med

programansvarleg, forenkler søknadsprosessen og gir studentane større føreseielegheit.

Gjennom 2025 har NIH koordinert det første Erasmus+ samarbeidspartnerskapet innan idrett. Prosjektet styrkjer dei internasjonale nettverka NIH deltek i, og legg til rette for tettare samarbeid mellom partnarinstitusjonane. Dette bidreg til auka synlegheit av utvekslingsmoglegheitene ved NIH og styrkjer medvitet om Erasmus+-programmet sine verkemiddel.

Frå hausten 2025 vart det tilsett ein studentassistent med ansvar for oppfølging av internasjonale studentar ved NIH, og for promotering og marknadsføring av utvekslingsmoglegheiter retta mot NIH sine gradsstudentar. Arbeidet omfattar mellom anna bruk av sosiale medium for å auke synlegheit og interesse for utveksling.

Det blir kontinuerleg arbeid med å utvikle og vedlikehalde ein attraktiv avtaleportefølje. I 2025 etablerte NIH nye avtalar, mellom anna i Spania. Det vart òg arbeid med å sikre gratis plassar ved

partnerinstitusjonar som elles tilbyr study-abroad-opphald mot semesteravgift, mellom anna i Australia og New Zealand. Målet er å leggje til rette for gjensidig utveksling som styrkjer institusjonelt samarbeid.

Godt internasjonalt samarbeid krev òg at NIH legg til rette for innreise. Ei god engelskspråkleg emneportefølje bidreg til at NIH framstår som ein attraktiv samarbeidspartnar i dialog med andre institusjonar. I 2025 vart det tilbydd engelskspråklege emne på tvers av fagmiljøa, både campusbaserte og digitale. I handlingsplanen var det eit mål å etablere fleire engelskspråklege emne for å auke innvekslinga. Det vart tilbydd eit nytt emne i biomekanikk, og utvikling av emne innan friluftsliv og idrettsmedisin vart sett i gang for seinare innpassing i porteføljen.

Samlet vurdering av mål 2 i utviklingsavtalen

Å leggje til rette for god læring og eit inkluderande læringsmiljø krev tett samarbeid og godt samspel med studentane. NIH er ein liten høgskule med relativt små studentgrupper i mange emne. Dette gir gode føresetnader for tett kontakt mellom tilsette og studentar, og for utvikling av eit godt læringsmiljø. Studentane er systematisk inkluderte i kvalitetsarbeidet og deltek aktivt i programrevisjonar, faggrupper, Studieutvalet (SU) og strategiske prosessar. Dette styrkjer både relevans og kvalitet i utdanninga. Den samla vurderinga av mål 2 er at institusjonen utnyttar dette handlingsrommet på ein god måte. Studentane har gjennom studentdemokratiet, deltaking i råd og utval og jamleg dialog med leiinga ei tydeleg stemme i utviklinga av institusjonen og studieprogramma. Resultat frå ulike undersøkingar og evalueringar viser at NIH kjem svært godt ut på fleire indikatorar knytte til læringsmiljø, både fysisk og sosialt.

For styringsparameter 1 og 2, som er særleg sentrale for studentane si læring, er vurderinga at det blir arbeidd godt og systematisk på fleire nivå i organisasjonen. Samstundes står institusjonen i ei krevjande omstilling knytt til framveksten av KI og store språkmodellar. Den teknologiske utviklinga har skapt nye kompetansebehov blant både studentar og tilsette, og utfordrar etablerte undervisningspraksisar. Å vidareføre god akademisk integritet og sikre gode læringsprosessar og kontrollmekanismar blir endå viktigare i denne samanhengen. Institusjonen har sett i verk viktige tiltak for å møte utfordringane, men det vil vere behov for tett samarbeid på tvers av fagmiljø og studieprogram for å utvikle gode løysingar, der studentane må vere ein sentral del av arbeidet.

Når det gjeld styringsparameter 3, er det positivt å sjå at mange lærarstudentar har valt å reise på utveksling. Institusjonen har styrkt internasjonaliseringsarbeidet gjennom engelskspråklege emne, auka bruk av Erasmus+, og gjennomføringa av ein internasjonal ph.d.-sommarskule. Aktiv bruk av moglegheitene i Erasmus+ kan over tid bidra til auka utveksling frå NIH. Den kontinuerlege utviklinga av avtaleporteføljen er eit viktig grunnlag for at studentane vel eit semester utanfor NIH. For å vere ein attraktiv samarbeidspartnar må institusjonen òg ha relevante tilbod å spele inn i samarbeidet. Det er derfor nødvendig å utvikle gode og relevante engelskspråklege emne ved alle institutt. Sjølv om gode avtalar ikkje automatisk gir fleire utreisande studentar, blir det gjort eit målretta arbeid i organisasjonen for å auke delen studentar som reiser ut, som dei siste åra har lege rundt 20 prosent.



Oskar Ohlsson er Sport Management-student og blei inspirert til å jobbe meir med fysisk aktivitet og personar med funksjonsvariasjonar etter å ha opplevd Ridderuka på Beitostølen for fyrste gong.

Foto: Gjermund Erikstein-Midtbø.



Aktivitetar skapar samhald og band under Fadderveka.

Foto: Katja Anker Kulmus.

Forskning

Mål 3:

Vidareføre ei brei og kvalitativt sterk idrettsvitskapleg forskingsportefølje som bidreg til ei berekraftig samfunnsutvikling

Prioriterte oppgåver:

- Stimulere til og systematisere fleire tverrfaglege, fleirfaglege og studentinvolverande forskingsprosjekt
- Identifisere relevante EU-program og intensivere arbeidet med å utvikle søknadar til Horisont og Erasmus+
- Auke yngre forskarar si involvering i prosjektutvikling, prosjektleiing og ph.d.-rettleiing

Målet krev at NIH arbeider målretta både med å

halde søknadsnivået for ekstern finansiering på eit nivå som bidreg til vidareutvikling av strategiske partnarskap nasjonalt og internasjonalt, og med kvaliteten i forskinga. Forskingsverksemda ved NIH må spegle institusjonen sin tverrfaglege profil, slik at potensialet i denne kan takast ut i større grad enn før.

Tre styringsparametrar er knytte til målet:

Styringsparameter 1:

Utvikle strategiske partnarskap med nasjonale og internasjonale organisasjonar og forskingsmiljø

NIH har eit breitt og produktivt samarbeid med nasjonale og internasjonale universitet og forskingsorganisasjonar, samt idrettsorganisasjonane både nasjonalt og internasjonalt. Vi er i viktige partnarskap med Noregs idrettsforbund, nasjonale særforbund, International Olympic Committee (IOC), IOCs



Tor Hansen var med på forskingsprosjektet Eat4age, der ein undersøkte effekten av ulike proteinrike matvarer for eldre. Her saman med stipendiat på prosjektet, Elise Lander og professor Truls Raastad.

Foto: Gjermund Erikstein-Midtbø.

særforbund og antidopingorganisasjonar.

Med bidragsfinansiering frå Kulturdepartementet, idrettsorganisasjonar, helseføretak og ei rekkje frivillige organisasjonar driv dei to forskingssentera ved NIH, Senter for idrettsskedeforskning (OSTRC) og Forskingssenter for barne- og ungdomsidrett (FOBU), omfattande forskings- og formidlingsverksemd. Begge sentra styrkte aktiviteten sin i 2025 og OSTRC fekk blant anna 8 millionar kroner frå Sparebankstiftelsen DNB til vidareføring og utvikling av programmet "Skadefri".

I tillegg til desse to sentera, oppretta NIH to nye forskingssenter, eitt dedikert til kvinnehelseforskning i idrett og fysisk aktivitet og eitt for fysisk aktivitet og folkehelse. Dei to nye forskingssentera kom godt i gang i 2025. Fleire av forskingsmiljøa ved NIH er involverte i forskingssentera. Dei samarbeider med nasjonale miljø, som Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet, og med internasjonale miljø gjennom til dømes European College of Sport Science, og samarbeidet om den europeiske masterutdanninga i fysisk aktivitet og helse. Oslo senter for fysisk aktivitet og folkehelse har allereie oppnådd å bli WHO's Collaboration Centre. Senter for kvinnehelseforskning i idrett og fysisk aktivitet har fått tilsegn om 1,1 millionar kroner frå Eckbostiftelsen til ei koordinatorstilling.

NIHs erfaring er at strategiske partnerskap med andre forskingsinstitusjonar best blir utvikla gjennom prosjektbasert forskings- og utdanningssamarbeid, gjerne der vi sjølve initierer prosjekta og vel partnerar som kompletterer oss. Dette har vore tilfelle i dei pågåande prosjekta OBCT, PEER-Home Care og DAiSI innan idrett, etikk, fysisk aktivitet og helse, alle finansierte av EU. Det same gjeld for EU-finansierte PhysEd-Academy avslutta i 2025, kor arbeidet med å gjere kroppsøvinga meir

inkluderande held fram, no med finansiering frå NFR (2026-2030). Elles har forskarar frå NIH mellom anna fått midlar til følgjande prosjekt i 2025:

- Sensor LIIFE, om korleis fysisk aktivitet kan redusere heving og symptom, og gje auka livskvalitet ved «lymfødem» hos kvinner som har blitt operert for livmorkreft (6,5 millionar kroner frå Kreftforeininga)
- EMMA, innan aldringsforskning, om korleis aldring påverkar det epigenetiske minnet i mitokondrien til skjelettmuskulatur (12,2 millionar kroner frå Novo Nordisk-stiftinga)

NIH sit i styringsgruppa for to konsortium som er svært relevante for samfunnsoppdraget vårt: International Children Accelerometer Database (ICAD) og Global Observatory for Physical Activity (GoPA).

[Styringsparameter 2:](#)

[Styrke samarbeidet mellom NIHs faginstitut med sikte på kunnskapsoverføring og etablering av fleirfaglege og tverrfaglege forskingsprosjekt](#)
Institutta motiverer dei tilsette til å arbeide fleirfagleg på tvers av organisasjonen. Arbeidet med NFR og EU-søknadar har vore ei drivkraft i arbeidet med å styrkje samarbeidsrelasjonar på tvers av faggrenser, noko det NFR-finansierte prosjektet FYNER er eit godt døme på.

Den årlege felles forskingsdagen for alle forskarane ved NIH gir dei ulike forskingsgruppene ved institusjonen betre kjennskap til kvarandre. Forskingsdagen gir

Monica Hjertholm fortalte si historie om korleis trening hadde gjort livet hennar betre etter å ha vore med på forskingsprosjekt om trening etter kreftbehandling. Her saman med stipendiat Sara Hassing Johansen.

Foto: Gjermund Erikstein-Midtbo.



forskarane innsikt i prosjekta som er i gang, og skaper ein plattform for felles inspirasjon, prosjektidear og forankring av samarbeidsprosjekt.

Etableringa av eit nytt og meir praksisretta og samfunnsrelevant masterprogram innan idrettsfysiologi og bevegelseslære bidrog i 2022 til ein sterkare kopling mellom pågåande forskingsprosjekt og studentane sine masterprosjekt. Denne koplinga gjer at det aukar fleir- og tverrfaglege samarbeidet på forskningssida og kjem til uttrykk i utdanninga.

Likevel har NIH framleis ein veg å gå for å utnytte det store potensialet som ligg i samarbeid på tvers av institutt og faggrenser. I det vidare arbeidet vil vi nytte dei nettverka og erfaringane som blir utvikla i dei prosjekta som no held på. Systematisk evaluering og erfaringsdeling er naudsynt. I det vidare arbeidet vil vi nytte dei nettverka og erfaringane som blir utvikla i dei prosjekta som no held på. Systematisk evaluering og erfaringsdeling er naudsynt.

Styringsparameter 3: Auke institusjonens samla eksterne forskingsfinansiering

Tidlegare fekk NIH det meste av si eksterne prosjektfinsiering frå nasjonale finansieringskjelder som offentleg forvaltning, organisasjonar, stiftingar og helsevesen. Auka merksemd omkring behovet for meir ekstern finansiering frå fleire kjelder gjorde at NIH i 2021-2025 vedtok ein handlingsplan for å auke den eksterne finansieringa. Dei siste åra har det vore ei god utvikling av søknader mot Horisont Europa, Erasmus+ og NFR, der søknadene også kjem frå ei langt større breidde av NIHs forskingsfelt enn tidlegare. Søknadsvolumet har no stabilisert seg omkring 140 millionar kroner, i tråd med målsetjinga i handlingsplanen. I 2025

initierte eller deltok NIH i søknadar verdt 145,4 millionar kroner, med ei suksessrate på minst 32 prosent, tilsvarande 46,7 millionar kroner.

Samstundes ønskjer NIH å auke tilslagsprosenten for EU søknadene. I det høvet arrangerte NIH si arbeidsgruppe for søknadskvalitet i juni 2025 ein studietur for 15 forskarar, leining og administrativt tilsette til Leuven og Brussel, for å lære av KU Leuven og om europeiske finansieringsordningar.

Denne gode utviklinga med fleire eksternt finansierte prosjekt med nasjonale og internasjonale partnarar bidreg til å styrkje karrieren til den enkelte forskaren og gir næring til nye samarbeidsrelasjonar mellom forskarar, fagmiljø og institusjonar. Prosjekta som no er i gang, gir institusjonen både nettverk og erfaringar som bør utnyttast for å utvikle endå meir relevante og konkurransedyktige søknadar framover.

Samla vurdering av mål 3 i utviklingsavtalen

Ei brei forskingsportefølje av høg kvalitet inneber både at NIH driv forskning innan heile breidda av høgskulen sin fagprofil («mennesket i rørsl»), at forskinga skal vere samfunnsrelevant og i tillegg kvalitetssikrast på ein god måte. Det siste blir mellom anna sikra gjennom at forskningssøknadar når opp på dei konkurranseutsette arenaene, og at resultata blir publiserte i anerkjende kanalar.

2025 viser sterk forskingsaktivitet, både i volum, kvalitet og ekstern finansiering. NIH søkte om 145,4 millionar kroner i ekstern støtte og har så langt fått tilsegn på 32 prosent. Det er etablert to nye forskingssenter som styrkjer institusjonen si evne til å utvikle større prosjekt og auke synlegheit, ikkje minst der Oslo senter for fysisk aktivitet og folkehelse, har blitt eit WHO Collaboration Centre.



Resultata frå forskingsprosjektet Strong Mama om høgintensiv trening i svangerskapet, fekk stor merksemd både i media og sosiale medium i 2025. Her testar stipendiat Emilie Dalhaug deltakar Melina Meyer Magulas.

Foto: Gjermund Erikstein-Midtbø.

Dei siste åra har det vore ei utvikling der alle fagmiljøa i større grad ser forskning og arbeid med ekstern finansiering som ein viktig del av den daglege jobben. Framover blir det viktig å ta omsyn til heilskapleg arbeidsbelastning, støtte under søknadsskriving, treffsikkerheit mot utlysingar og balansen mellom forskning og utdanning. Institusjonen har prioritert utviklinga av yngre forskarar gjennom ph.d.-rettleiarkurs, oppretting av ph.d.-koordinatorar ved alle institutt og betre introduksjonsløp for nytilsette innan ekstern finansiering. Studieturen til KU Leuven og Brussel bidreg til auka kompetanse og EU-innsikt på tvers av fagmiljøa.

Samfunnsrelevans

Mål 4:

Tydeleggjere institusjonens samfunnsrelevans

Prioriterte oppgåver:

- Knyte langsiktige band mellom fagmiljøa, nåværande, tidligare studentar og samfunns- og arbeidsliv
- Kommunisere forskingsbasert kunnskap til offentlegheita og ulike målgrupper
- Auke kjennskapen til NIH som utdanningsinstitusjon blant ei større breidde av befolkninga, og arbeide aktivt for å synleggjere og nytte mangfaldet ved institusjonen

I dagens samfunn er det viktigare enn nokon gong å tydeleggjere og styrkje institusjonars samfunnsrelevans. For NIH handlar dette om å skape langsiktige band mellom fagmiljø, tidlegare og nåverande studentar, samt samfunns- og arbeidsliv. Eit viktig mål er å kommunisere forskingsbasert kunnskap til ein breiare offentlegheit og auke kjennskapen til NIH som ein sentral utdanningsinstitusjon.

Tre styringsparametrar er knytte til målet:

Styringsparameter 1:

Auke omfanget av praksisnært og aktivitetssentrert forskings- og innovasjonsarbeid innan skoleverk, arbeidsliv, organisert idrett og ulike fritidskontekstar

Prosjektet Sport-IE blei finansiert av Horisont Europa gjennom EIT HEI Initiative (2025 - 2027) og visar at NIH held fram arbeidet med å styrkje den institusjonelle innovasjonskapasiteten. Arbeidet starta med HEInnovaSport (2022–2024) og heldt fram med Erasmus+-prosjektet SPIEP (2025–2026). I Sport-IE skal åtte idrettsvitskaplege universitet mellom anna styrkje studentengasjementet for innovasjon og entreprenørskap, få fram fleire verksemder, legge til rette for utveksling av relevante emne mellom partnarane og betre samhandlinga med privat, offentlig og frivillig sektor.

I tillegg til å styrkje studiemoglegheitene for idrettsfaglege studentar og NIH sin samfunnsrelevans, utvida NIH med Sport-IE sitt europeiske nettverk for innovasjon og entreprenørskap innan idrettsvitskap. Nå leiar NIH eit nettverk av 13 europeiske universitet og 13 ikkje-akademiske partnar som utviklar løysingar for å fremja fysisk aktivitet i befolkninga.

Studentorganisasjonane StartNIH og StudentMarketing, der studentar med interesse for entreprenørskap finn kvarandre, arrangerte i januar 2025 NIH sin tredje årlege Innovasjonsdag, der tilsette og studentar møtte representantar frå

næringslivet. Med Start NIH som partner i Sport-IE, blir momentet i det nyetablerte økosystemet for studentdriven innovasjon opprettheldt.

Initiativa for å styrkje kapasiteten vår innan innovasjon og entreprenørskap må sjåast i lys av det akutte behovet for nye tiltak som kan gjere befolkninga meir fysisk aktiv. Helsekostnadene som følgje av fysisk inaktivitet i verdas befolkning er beregna til 550 milliardar kroner årleg.

Styringsparameter 2:

Auke kunnskapen om NIH som utdanningsinstitusjon blant ei større bredde av befolkninga

NIH er opptekne av å knyte langsiktige band mellom fagmiljøa, tidlegare studentar og samfunns- og arbeidsliv. Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) er reetablert for å styrkje samfunnsrelevansen til NIH og sikre at forskings- og utdanningsporteføljen ved høgskulen er tett kopla til behova i arbeidslivet.

Vi arbeider for å synleggjere kompetansen til studentane og karrierevegane etter avslutta studium, og også vise fram ulike karrierevegar for kandidatar med ph.d.-kompetanse.

NIH har ei heterogen studentmasse blant heiltidsstudentane ved høgskulen. Over lengre tid har vi hatt som mål å tiltrekke oss studentar som representerer eit større mangfald i befolkninga. Auken i nettbaserte, fleksible studietilbod held fram og fører til eit høgt tal studentar med representasjon frå heile landet. Vi har fleire masterstudentar som har vore i arbeidslivet før dei startar på masterutdanninga, og aldersspennet blant dei som tek nettbaserte emne er stort. Vi har informert om etter- og vidareutdanningstilboda gjennom fleire kanalar, og søkinga til tilboda har vore god på fleire emne.

Rekrutteringskampanjen i 2025 vart gjennomført i tråd med planen, med fokus på studieprogramma

ved høgskulen, jobbmoglegheiter, studiemiljø, mangfald og inkludering. Ved å bruke studentambassadørar til å lage mykje av innhaldet i sosiale medium, når vi betre ut til målgruppene for potensielle studentar.

Open dag var godt besøkt, hovudsakleg av elevar frå vidaregåande skular i Oslo og omland.

Styringsparameter 3:
Skape nye nasjonale og internasjonale møteplassar for dialog, kunnskapsdeling og -formidling

Forskingskommunikasjon har høg prioritet ved NIH. Det vert jamleg publisert saker på nih.no og forskning.no om forskinga ved NIH. To gonger i

månaden vert det lagt ut nye episodar av NIH-podden, og utviklinga i talet på lyttarar er framleis god (sjå tal i oversikta). Medieovervaking viser at NIH er godt synleg i media. For å nå yngre målgrupper og spreie forskningssaker breiare, har vi gode erfaringar med bruk av video og infografikk i sosiale medium. Dette har ført til ein betydeleg auke i talet på følgjarar, særleg på Instagram det siste året, der vi veit at vi når yngre målgrupper. Kommunikasjonseininga tilbyr kurs til forskarar og stipendiatar for å styrkje formidlingskompetansen.

SØKERTALL
3,3

søkere per studie plass på grunnstudiene (-9 %)

SAKER PÅ NIH.NO
155 242

Total sidevisninger, aktuelt og forskningsnytt

ARRANGEMENTER
22

og 8 disputaser

GJENNOMSNITTLIG ANTALL LYTTERE
2 118

på NIH-podden

NYNORSK
49,6 %

av alle nye saker på nih.no

FORSKNINGS DAGENE
3 200

fysisk (500) og digitale deltagere

PUBLISERTE SAKER
80

nih.no: Blogg, nyheter, forskningsnytt, podden

NEDLASTNINGER
97 000

NIH-podden

Kommunikasjon i korte trekk 2025

Mediedekning

1 773 nasjonale nyhetssaker der NIH ble nevnt, Khrono (54 saker), Aftenposten (54), Fædrelandsvennen (44),


NIH i sosiale medier

Facebook

20 796 følgere (+10%)
Engasjement 36 550 (+82%)

Forskning.no

36 saker
144 893 sidevisninger (+69 %)

TikTok

Beste video, surfetur til Hoddevika, 450 000 visninger


Instagram

12 249 følgere (+36%)
Rekkevidde: 607 864 (+84%)
Engasjement: 28 788 (+100%)

Nyhetsbrev

2 811 abonnenter
Åpningsfrekvens 49,6 %

LinkedIn

12 835 følgere (2 064 nye følgere)
196 757 visninger

Toppsaker
nih.no
sidevisninger

- 1.HRV og trening: Nyttig informasjon eller bortkastet tid? 10 584
- 2.Pulsklokker er ubrukelige til å måle puls under trening 3 124
- 3.Overraskende forskningsfunn om neseputing 2 229

Facebook
rekkevidde

- 1.Jenter i lagidrett bør starte med styrketrening tidligere 181 103
- 2.Eldre bør få i seg mer protein 85 462
- 3.Slik unngikk elitesoldatene muskeltap og prestasjonsfall 77 870

forskning.no

Hvor skal vi plassere dette:

sidevisninger

- 1.Eldre bør få i seg mer protein: Har gitt store effekter 37 011
- 2.Ein 80-åring kan vere like sterk som ein 20-åring 17 961
- 3.Dette syndromet rammar unge utøvarar 10643

Instagram
rekkevidde

- 1.Strong mama resultater 233 681
- 2.Jenter i lagidrett bør starte med styrketrening tidligere 59 978
- 3.Ekspedisjonen NRK 44 111

Kommunikasjon i korte trekk 2025

I alle forskingssentera vert det drive omfattande forskings- og formidlingsaktivitet. Senter for idrettsskedeforskning hadde 25-årsjubileum i 2025, som vart markert med ein jubileumskongress og besøk frå ei rekkje internasjonalt leiande idrettsmedisinarar. I samarbeid med British Journal of Sports Medicine (BJSM) har senteret i etterkant av kongressen produsert ein videoserie der stipendiatar frå dei ulike IOC-medisinske sentera i verda intervjuar framstående forskarar innan ulike idrettsfaglege felt.

Det nyleg etablerte Senter for kvinnehelseforskning i idrett og fysisk aktivitet utviklar og organiserer kurs, seminar og workshopar for å auke kunnskapen om kvinnehelse blant helsepersonell, trenarar og utøvarar, i tillegg til andre relevante aktørar.

Det vart gjennomført ei rekkje faglege arrangement, disputasar, gjesteforelesingar og seminar i 2025, mellom anna:

- «Trygge arenaer? Skeive sine erfaringar i idretten», eit samarbeid mellom Telemarksforskning, FOBU og Universitetet i Aalborg, med midlar frå Bufdir.
- «Symposium om kunstig intelligens og idrettsskadar»
- Internasjonal trenarvitskapleg konferanse: «CRiC 2025»
- Footwear Biomechanics Symposium
- Barne- og ungdomsidrettskonferansen
- Frukostseminar: Talentutvikling i den norske idrettsmodellen
- Internasjonal konferanse innan styrketrening og kondisjon

I samband med Forskingsdagane og årets tema «Tryggleik» vart det arrangert tre godt besøkte seminar:

- «Trygg trening for kvinner gjennom heile livet»
- «Trygg trening for ein sunn alderdom»
- «Trygg trening under og etter kreftbehandling»

I tilknytning til dei fysiske seminarane produserte vi podkastar, videoar og nettsaker som var særleg retta mot eldre og kreftpasientar, samt fagfolk som jobbar med desse gruppene. Desse nådde svært breitt ut. Mellom anna nådde Facebook-innlegget om forskning på ernæring for eldre 478 930 personar hos Forskning.no.

Samla vurdering av mål 4 i utviklingsavtalen

NIH har hatt omfattande aktivitet og synlegheit gjennom året, med ei rekkje seminar, konferansar og tverrsektorielle samarbeid. Institusjonen når breitt ut i offentlegheita, og fleire forskingsprosjekt – særleg innan kvinnehelse, kreftrehabilitering og fysisk aktivitet – har fått betydeleg nasjonal merksemd på TV, radio, forskning.no og i sosiale medium.

Sosiale medium viser kraftig vekst, og NIH når no fleire målgrupper enn tidlegare. NIH-podden har hatt stor gjennomslagskraft, og video- og podkastinnhald særleg retta mot kvinnehelse og fysisk aktivitet for eldre har engasjert eit breitt publikum.

Rekrutteringsarbeidet er styrkt gjennom målretta marknadsføring, bruk av studentambassadørar og ulike tiltak retta mot mangfald, inkludering og auka kjennskap til NIH som utdanningsinstitusjon.



Hennar Majestet Dronninga var til stades på seminar om kvinnehelse og trygg trening under Forskingsdagane i september. Det nye senteret for kvinnehelseforskning i idrett og fysisk aktivitet var arrangør.

Foto: Gjermund Erikstein-Midtbo.



Bedriftsidrettslaget NIH BIL arrangerer jamlege sosiale arrangement for dei tilsette. Her frå dei årlege NIH-leikane i oktober.

Foto: Gjermund Erikstein-Midtbø.

Samfunns- og effektmål for byggeprosjekt

Noregs idrettshøgskole har ingen byggeprosjekt i 2025.

Midlar tildelt over andre budsjettkapittel

Kap. 275 post 21

Løyvinga til kroppsøving deltid har gått til vidareutdanning av lærarar som treng formell undervisningskompetanse i kroppsøving (kr 1 430 000). Midlane er brukte til planlegging, gjennomføring og vidareutvikling av sju emne, fordelt på kroppsøving deltid 1 (30 studiepoeng) og kroppsøving deltid 2 (30 studiepoeng), med høvesvis digital og samlingsbasert undervisning i kvart semester. I 2025 har 73 studentar fullført eksamenar i KRD-studia. Føremålet med KRD er å

styrkje kompetansen i kroppsøving blant lærarar som allereie jobbar i norsk skole.

Kap. 275 post 21

NIH har i 2025 brukt midlar frå programmet Partnerskap i lærarutdanninga overførte frå 2024 til 2025 (kr 192 994) til å gjennomføre eit trepartsseminar i Nydalen i mai, som del av vidareutviklinga av LUPE femårig lærarutdanning i kroppsøving og idrettsfag. Seminaret samla studentrepresentantar, praksislærarar og lærarutdannarar, og hadde som mål å styrke utdanningskvalitet og arbeidslivsrelevans gjennom felles utviklingsarbeid. Innhaldet var retta mot utvikling av masteråret, samheng mellom teori og praksis, samt vidareutvikling av praksissamarbeidet. Totalt deltok 23 personar i tiltaket.

4 \ Styring og kontroll i verksemda

Del 1 Rapportering på styring og kontroll

Opplegg for styring og kontroll

Vesentlege forhold

NIH hadde eit omfattande og tungrodd system for internkontroll, som i 2023 vart vurdert som lite føremålstenleg. I mellomtida har NIH etablert ei intern rutine der det blir arbeidd systematisk med å gjennomgå avvik frå interne rutinar og handheving av overordna reglement.

I løpet av 2025 har vi valt ut tre reglement som vi har gått gjennom og føreteke internkontroll av for å identifisere mogelege forbetringstiltak. Tiltak som vart sette i verk etter gjennomgangen av retningslinjene for bevertning i 2024, viser at målretta gjennomgangar med tilhøyrande tiltak gir positiv effekt.

Vi har starta eit arbeid med å organisere internkontrollen på ein måte som både varetek dei gjeldande krava og vert opplevd som meningsfull for organisasjonen. Det er utarbeidd eit utkast til ein modell for internkontroll som NIH vil implementere i løpet av 2026. Hovudfokuset for ein heilskapleg internkontroll ved NIH vil vere koplinga til det årlege arbeidet med strategi, risikovurdering og risikostyring, i tillegg til handtering av avvik som blir identifiserte fortløpande.

Merknader frå Riksrevisjon

Noregs idrettshøgskole har ikkje fått merknadar i revisjonsberetninga frå Riksrevisjonen for 2024.

Revisjonsberetninga for 2025 er enno ikkje motteken.

Del 2 Rapportering på andre føresetnader og krav

Organisasjon og infrastruktur

Om organisasjonen NIH

NIH sitt styre vedtok i 2024 å oppretthalde ein todelt leiarmodell med vald rektor og tilsett administrerande direktør. Våren 2025 vart det halde val, og nytt rektorat overtok den 1. august. Nytt rektorat leiar prosessen med ny strategi frå 2026, og har lagt opp dette som ein brei medverknadsprosess internt. Arbeidet med ny strategi blir sett opp mot arbeidet med ny utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet frå 2027.

NIH har hatt ei lita nedgang i talet på årsverk i 2025. Nedgangen skuldast delvis vakansar som følgje av at vi held eit avgrensa tal rammefinansierte stipendiatstillingar vakante i ein periode. Dette er eitt av fleire grep for å få langtidsbudsjettet i balanse. Det er òg enkelte avgangar som ikkje er erstatta. Som institusjon leverer vi utdanningstilbod til eit auka tal studentar, utan at organisasjonen veks. For å kunne halde fram med denne utviklinga er vi avhengige av å oppretthalde ein smidig og tilpassingsdyktig organisasjon, og søker å utvikle og nytte den kompetansen vi har framfor å legge opp til vesentleg vekst i talet på tilsette. Som liten institusjon har vi ikkje spisskompetanse innanfor alle tema, og søker samarbeid med andre



Studentane arrangerte Innovasjonsdagen på eighand i 2025. Start NIH har blitt ei svært synleg gruppe på høgskolen.
Foto: Gjermund Erikstein-Midtbø.

institusjonar eller innkjøp, eksempelvis innanfor IT-området, viss vi ikkje sjølv har intern kompetanse. I tillegg er sektorens fellesløyser og tenesteleverandørar, som SIKT, vesentlege premissleverandørar for oss, og vi har forventningar om at dei også framover evnar å vareta dei mindre institusjonanes behov.

I 2025 fekk NIH tildelt midlar til kompetanseutviklingstiltak for tariffperioden 2024-2026 for å etablere eit rammeverk for karriereplanar og karriererettleiing for akademisk tilsette i tidleg karrierefase. For å klare å få dette over i ei driftsfase må vi lene oss mot andre større institusjonar og HK-dir, då vi har avgrensa ressursar til å drifte bedriftsinterne tilbod ut frå dei kriteriana som er sette for institusjonane si karriererettleiing.

NIH gjennomfører ARK-undersøkinga kvart tredje år, og det blei gjort i 2025. Som tidlegare år opplever vi god oppslutnad om undersøkinga, og medverknad til handlingsplanar for dei respektive einingane. Resultata vi får frå ARK-undersøkinga

viser at vi ligg over gjennomsnittet i sektoren på fleire område, og vi følgjer opp tiltaksplanane mellom kvar runde med kartlegging. ARK vert supplert av fysiske vernerundar som blir gjennomførte årleg. HMS-arbeidet har høg prioritet, då vi har komplekse lokale og infrastruktur som stiller krav til gode rutinar.

NIH har eit relativt stabilt lågt sjukefråvær, men det aukande sjukefråværet på nasjonalt nivå speglar seg også hos oss. I snitt låg det totale sjukefråværet på 5 prosent. I førre treårsperiode har det vore på mellom 4-5,4 prosent.

Likestilling og mangfald

NIH har ein handlingsplan for likestilling, inkludering og mangfald for perioden 2021-2025. Tiltaka blir følgde opp i eit samarbeid mellom høgskolen sitt Utval for likestilling, inkludering og mangfald (ULIM) og leiinga. Det blir årleg laga ein eiga rapport om status og oppfølging av tiltak, og denne svarar ut vår aktivitets- og utgreiingsplikt etter Likestillings- og diskrimineringslova. NIH viser derfor til denne for detaljar om status for

tema om likebehandling i styring og leiding, rekruttering av tilsette og studentar, undervisning/forskning/formidling, kjønns- og seksualitetsmangfald/seksuell trakassering, kompetanse- og karriereutvikling og informasjon og haldningsskapande arbeid. Årsrapporten blir lagt ut på nettsidene våre etter at han er styrebehandla i mars 2026.

Positiv utvikling i talet på tilsetjingar av personar med nedsett funksjonsevne

I løpet av 2025 har NIH rekruttert til 35 kunngjorde stillingar. Ut frå data i rekrutteringsverktøyet vårt JobbNorge, har vi til saman motteke 816 søkjarar til desse stillingane. 15 har opplyst om hol i CV-en, ni om nedsett funksjonsevne, og av desse har fire huka av på begge delar. Vi vurderer alle som opplyser om dette for innkalling til intervju, og greier ut for det i alle innstillingar. Så langt vi kan sjå av tilsetjingssakene våre, har vi ikkje tilsett nokon av dei søkjarane som har opplyst om nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en. Vi kan heller ikkje sjå at vi har oversett kvalifiserte søkjarar som har oppgitt dette.

Ved kortvarige tilsetjingar har vi ikkje tilgjengelege data som kan setjast saman for å kunne vurdere om vi har tilsett nokon som fell inn under nokon av desse definisjonane. Vi har hatt ein person på praksistiltak gjennom NAV, som resultat av at vi kunngjorde praksisplass i arkivet vårt. NIH søker å førebygge at vi støyter ut nokon frå arbeidslivet, og vi følgjer tett opp dei tilsette med behov for tilrettelegging så langt vi klarar innanfor våre rammer og krava til arbeidsmiljølova.

Redusere konsulentbruken

NIH har avgrensa bruk av konsulentar. Som hovudprinsipp blir konsulentar berre brukte når høgskolen ikkje har den nødvendige kompetansen til å løyse ei oppgåve eller etablere ei funksjon sjølv. NIH har starta ein prosess for å vurdere utviklinga i konsulentbruk dei siste tre åra, og vil på bakgrunn av funna setje i verk nødvendige tiltak for framtidig konsulentbruk.

Ein stor del av konsulentbruken i 2025 knyter seg til IT-fagleg bistand, noko organisasjonsutvikling, forskning, teneste som personvernombod



NIH heisar regnbogeflagget gjennom heile Pride-perioden i juni.

Foto: Kjetil Grude Flekkøy.

gjennom SIKT og arbeidsrettsleg vurdering i ei enkeltsak. På bakgrunn av ei evaluering av IT-tenestene i 2023 blei det bestemt å omstille IT-avdelinga og kjøpe eksterne tenester der vi sjølve blir for sårbare. NIH har inngått avtale med ein ekstern IT-driftsleverandør, som frå og med 2026 har teke over drift av serverar, tilgangsstyring og brukarstøtte m.m.

Læringar

NIH har tidlegare hatt årleg inntak av læringar i IKT-faget. Dei siste to åra har IT vore gjennom ein omstillingsprosess, og i denne perioden har vi ikkje hatt tilstrekkeleg kapasitet til å kunne tilby eit godt opplæringsløp for læringar. Sidan vi har hatt opphald i inntaket av læringar, må vi søkje på nytt om å bli godkjend lærebedrift i 2026.

Arbeid med norsk språk

Undervisningsspråket ved NIH er norsk. Ved tilsetjing i faste undervisnings- og forskarstillingar er ferdigheiter i norsk, eventuelt svensk eller dansk, eit kriterium i utlysinga. Internasjonale søkjarar som ikkje tilfredsstiller dette kriteriet ved tilsetjing har kontraktsfesta krav om å gjennomføre norskopplæring innan tre år frå tiltreding. Høgskulen tilbyr også norskopplæring til internasjonale stipendiatar, postdoktorar og forskarar som er mellombels tilsett.

NIHs vurdering av moglegheit for tilbod om desentralisert utdanning

NIH har berre éin campus og har ingen planar om å etablere fleire.

Planverk for krise og beredskapsarbeid

Under følgjer NIHs rapportering på spørsmål knytte til tryggleik og beredskap, slik det er skildra i tildelingsbrevet for 2025.

1. Korleis kartlegg verksemda eigne verdiar og avhengnader med omsyn til nasjonal tryggleik?

I 2024 gjennomførte Noregs idrettshøgskole ei grundig kartlegging av høgskulen sine verdiar. Kartlegginga involverte alle einingar og omfatta både materielle og immaterielle verdiar som er essensielle for NIH si verksemd. Denne kartlegginga dannar grunnlaget for årlege oppdateringar baserte på nasjonale retningslinjer og tilrådingar frå Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, HK-dir.

Dei immaterielle verdiane omfattar spesialisert kunnskap og kompetanse, samt institusjonen sine informasjonsverdiar og -system. Dei materielle verdiane omfattar utstyr og infrastruktur som NIH er avhengig av for å oppretthalde kjerneverksemda. Dersom desse vert råka, kan det få store konsekvensar for drifta.

I 2025 har NIH utarbeidd kontinuitetsplanar for kritiske område for å sikre nødvendig drift i ei langvarig krisesituasjon. Dette arbeidet skal munne ut i ein institusjonell kontinuitetsplan og er venta ferdigstilt i løpet av 2026. Verdikartlegginga dannar grunnlaget for institusjonen sine ROS-analysar.

2. Når reviderte Noregs idrettshøgskole sist si ROS analyse? Kva for overordna område er identifiserte som dei med høgast risiko for verksemda?

NIHs overordna ROS-analyse blei utarbeidd i 2024, basert på lokale analysar frå institutta og administrasjonen. ROS analysen blir gjennomgått og revidert årleg. Følgjande område er identifiserte med høgast risiko:

- Svikt eller bortfall av kritisk infrastruktur
- Informasjonssikkerheitsbrot og svikt i IT infrastruktur
- Vald, truslar og terror mot personar på campus (PLIVO)

- Alvorleg hending med tilsette eller studentar i utlandet
- Ulykker med tap av farleg vare
- Brann på campus
- Hending med stort medieomfang

NIH har i løpet av 2025 etablert ei nettside for tilsette med informasjon og råd for reiser til risikoland. Dette omfattar òg skjema for risiko og sårbarheitsanalysar for tilsette og studentar før reise.

3. Beskriv overordna dei viktigaste læringspunkta frå krise- og beredskapsøvingane som er gjennomførte i 2025.

NIH nyttar dei identifiserte risikoområda i ROS-analysen som utgangspunkt for to årlege krise- og beredskapsøvingar. Våren 2025 vart det gjennomført ei skrivebordsøving der varamedlemmene i beredskapsleiinga fekk prøve seg, medan beredskapsleiinga deltok som observatørar. Øvinga vart gjennomført for å førebu varamedlemmene på å handtere ei krise eller ei dimensjonerande hending, bruke kriseverktøyet og trene på proaktiv stabsmetodikk i krisemøte.

Hausten 2025 gjennomførte NIH ei speløving med god støtte frå seksjon for HMS og beredskap ved Universitetet i Oslo. Øvingsmoment var:

- Beredskapsleiinga si evne til å identifisere aukande risiko og aktivere riktig beredskapsnivå.
- Tverrfagleg samhandling mellom fagmiljø, kommunikasjon, leiing/rektor og støttefunksjonar.
- Styrking av beredskapen ved NIH for forskningsetiske kriser og handtering av eksterne samarbeidspartnarar.
- Vurdering av rutinar for samtykke,

risikovurdering og mediehandtering i høgskulen sine eksternt finansierte prosjekt.

Erfaringane viser at øvingar er svært nyttige og gir ein god arena for trening og læring. Dei blir gjennomførte jamleg for ulike beredskapshendingar og risikoområde. Årets øvingar stadfester at beredskapen og beredskapsrammeverket ved NIH fungerer tilfredsstillande. På bakgrunn av erfaringane frå beredskapsøvingane er krise- og beredskapsplanverket oppdatert, og nødvendige justeringar er gjorde.

Noregs idrettshøgskole har ei føremålstenleg organisering av tryggleiksarbeidet, men det må presiserast at vi som ein liten høgskule ikkje har ressursar til å dedikere arbeidet med tryggleik og beredskap i ønska grad. Ved NIH blir tryggleiksarbeidet ivareteke av tilsette med doble roller, delte mellom dagleg verksemd og tryggleik. For å ivareta tryggleiken må organisasjonen etablere ein tryggleikskultur der alle tilsette er medvitne og årvakne. Beredskapsleiinga har difor gjennomført informasjonsarbeid for å auke medvitet rundt tryggleik blant alle tilsette ved Noregs idrettshøgskole.

Hausten 2025 blei det arrangert eit dagsseminar om tryggleik og beredskap for alle leiarar, Studentstyret og hovudtillitsvalde, med bidrag frå mellom anna NSM, politiet sin radikaliseringsansvarlege og Kunnskapsdepartementet.

4. Gjer greie for verksemda sitt arbeid med tryggleiksstyring, inkludert etablering av

styringssystem for tryggleik etter tryggleiksløva, leiingssystem for informasjonstryggleik og internkontroll for personvern, og korleis desse blir samordna med kvarandre og med den øvrige verksemdsstyringa.

Noregs idrettshøgskole har etablert eit heilskapleg rammeverk for tryggleiksstyring som samsvarer med krava i tryggleiksløva, informasjonstryggleik og personvern. Arbeidet er integrert i verksemdsstyringa og byggjer på felles prinsipp for risikostyring, internkontroll og kontinuerleg forbetring.

Styringsdokumentet blei ferdigstilt våren 2025 og oppfyller krava i tryggleiksløva gjennom organisering av tryggleiksarbeidet, risikovurderingar, handtering av skjermingsverdige verdiar og jamleg oppfølging.

Leiingssystemet for personvern og informasjonstryggleik er ein del av NIHs overordna styringssystem for tryggleik, med tydelege roller, risikostyring, tekniske og organisatoriske tiltak, samt handtering av hendingar. Internkontrollen for personvern sikrar etterleving av GDPR ved å gi oversikt over behandlingsaktivitetar, DPIA-ar, rutinar for rettar og databehandlaravtalar, støtta av personvernombodet.

Systema er samordna gjennom felles prosessar for risikovurdering, avvikshandtering, rapportering og leiinga si gjennomgang. Tryggleiksstyringa er innlemma i NIHs overordna verksemdsstyring og bidreg til ei heilskapleg og effektiv handtering av tryggleik, informasjon og personvern.

Verdikartlegging og vurdering av eksportkontroll

Med omsyn til den nasjonale tryggleiken utgjer verdikartlegging det grunnleggjande fundamentet for å gjennomføre eksportkontroll.

Med utgangspunkt i eiga verdikartlegging har NIH vurdert at høgskolen per 2025 ikkje har teknologi eller forskning på sensitiv teknologi som fell inn under sanksjonsregelverket.

NIHs leiing og administrasjon har likevel registrert at det er auka medvit rundt internasjonalt forskningssamarbeid og rekruttering, då det kjem fleire spørsmål internt om ulike problemstillingar knytt til dette. I løpet av 2025 har Noregs idrettshøgskole hatt ei sak til vurdering hos Direktoratet for eksportkontroll (DEKSA).

Administrasjonen arbeider no med å utvikle ein tydeleg og oversiktleg arbeidsflyt for eksportkontroll i samband med tilsetjingar. Dette inneber å vurdere utlysingar opp mot fagområde som kan omfatte sensitiv kunnskap eller teknologi, å vurdere søkjarar i lys av eksportkontrollforskrifta, og å følgje opp krav til nødvendig dokumentasjon. Arbeidsflyten er venta ferdig i første halvdel av 2026.

Personvern og informasjonssikkerheit

NIH har i 2025 laga eigne nettsider for informasjonstryggleik med mellom anna klassifiserings-, delings- og lagringsguide, i tillegg til ei rettleiing i bruk av sensitivitetsetikettar.

Advania vann anbodskonkurransen om IT-driftstenester, og arbeidet med å førebu overføringa av desse starta i 2025. Overgangen vert fullført i 2026.

Som del av arbeidet med å informere studentar og tilsette, var fleire avdelingar involverte i ei satsing på å nytte opplæringsressursane i SikreSiden betre.

NIH har som medlem av arbeidsgruppa for det tematiske nettverket «Personvern og etikk i forskning» eit omfattande samarbeid med andre

institusjonar i sektoren. Nettverket blei etablert i 2025 og er ein arena for erfaringsutveksling organisert under UHR/NARMA.

Hausten 2025 starta eit arbeid med å samordne dei ulike interne oversiktene over datasystem og databehandlingsavtalar. Både dette arbeidet og arbeidet med tydelegare personvernfråsegner overfor studentar og tilsette vil halde fram i 2026.

NIH har ikkje opplevd alvorlege avvik på personvernområdet i 2025. Eitt avvik som skuldast svakheiter hos SIKT/FS-systema vart meldt til Datatilsynet. Vi har òg hatt nokre mindre hendingar knytte til informasjonstryggleik utan at vi har avdekt konsekvensar for tryggleik eller konfidensialitet når det gjeld nettverk og data.

Biblioteket

I 2025 har biblioteket hatt særskilt fokus på å byggje opp nye tenester innan forskingsstøtte. Innsatsen har særleg vore retta mot utforming av retningslinjer og rutinar knytte til open forskning, og har mellom anna resultert i etablering av eigne nettsider om temaet i samarbeid med IT og HR. Det er også gjennomført mykje formidling og rettleiing om ulike delar av open forskning for forskarar og andre tilsette.

I tillegg har biblioteket utført eit større arbeid med å førebu og leggje til rette for NIH si overgang frå Cristin til Nasjonalt Vitenarkiv (NVA), og involvert fagleg tilsette og forskarar i dei nye rutineane som overgangen fører med seg.

Av studentretta arbeid har biblioteket mellom anna jobba mykje med etablering av Akademisk verktøykasse og innføring av det nye pensumlistesystemet Leganto. Etter at systemet blei implementert i samarbeid med SIKT i fjor, er målsetjinga at alle pensumlister skal vere i drift i det nye systemet frå og med haustsemesteret 2026.

Biblioteket vert framleis svært mykje brukt av studentane. Tal frå 2025 syner at besøket no ligg på eit høgare nivå enn rett før pandemien, og erfaringa er at studentane set pris på biblioteket som læringsarena. Dei nyttar både tilbodet av tenester, og dei ulike sonene i lokala i stor grad.

Biblioteket har og fått ei meir tydeleg rolle som formidlingsarena. I 2025 auka talet på arrangement i lokala. Dette er ei utvikling det vil bli sett fokus på og jobba vidare med komande år.

Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

NIH har gjennomført ei rekke tiltak det siste året. For å redusere delen feilsortert avfall er det sett i verk tiltak med betre merking av avfallsstasjonar i alle soner, i tillegg til gjennomføring av informasjonskampanjar.

For å sikre betre ombruk har NIH i 2025 starta med reparasjon av møblar som standard der dette er mogleg, i tillegg til å vurdere kjøp av brukte møblar gjennom rammeavtalen der dette er føremålstenleg.

Det er gjennomført tiltak for å redusere granulatsvinn på fotballbana gjennom etablering av oppsamlar i avløp og barriere rundt bana, i tillegg til at bana blir brøyta på ein måte som reduserer granulatsvinn.

Delen miljømerkte klutar til reinhald blei auka med 100 prosent, og delen miljømerkte vaskemiddel blei auka med 50 prosent innan 2026.

Det er arbeidd systematisk med reduksjon av vassforbruk gjennom mindre nedtapping av symjebasseng ved årleg hovudreinhald. Det er også planlagt og gjennomført bruktmarknad for klede og sportsutstyr for studentar og tilsette, i tillegg til eige bruktmarknad for pensumbøker.



Sigrun Aasland, statsråd for forskning- og høgare utdanning besøkte NIH i juni og møtte daverande rektor Lars Tore Ronglan og direktør Unn-Hilde Grasmø-Wendler. Dei la mellom anna fram kor viktig nytt nasjonalt toppidrettssenter også vil vere for NIH.

Foto: Gjermund Erikstein-Midtbø.

NIH blei i juni 2025 sertifisert som Miljøfyrtårn. Som ein del av arbeidet med å bli sertifisert er det gjennomført eit omfattande kartleggingsarbeid og utarbeidd rutinar og rutineskildringar innan ulike berekraftsområde. I sertifiseringa rapporterte vi på 77 kriterium, mellom anna klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk. Den første rapporten resulterte i eit klimarekneskap som også er publisert på nettsidene til NIH.

Ei arbeidsgruppe med vitskapleg og administrativt tilsette og studentar har i dette arbeidet også utvikla ein tiltaksplan for perioden fram til resertifisering i 2028. Tiltaksplanen inkluderer dei nemnde tiltaksområda, og i arbeidet er det mellom anna innført krav knytt til grønne arrangement når det gjeld avfalls-handtering, vegetarmat, redusert bruk av eingongsartiklar og betre merking av avfallsstasjonane ved NIH for å sikre betre kjeldesortering.

Miljørappporten for 2024, som blei lagt fram for styret hausten 2025, viste utviklinga innan områda som skal bidra til eit betre miljø gjennom tiltak innan avfall, energi, vassforbruk, utslepp og miljøretta innkjøp. Rapporten viste at energi (60 prosent) er NIHs største kjelde til utslepp, etterfølgt av reiser (40 prosent), og at energiforbruket i bygga har vore stabilt, men med tendens til nedgang i forbruk knytt til kunstgrasbana. Avfall generelt viser ein nedgåande trend, det same gjer papp og papir. For miljømerkte innkjøp er det betring knytt til miljødokumentasjon, noko som òg gjeld alle serviceavtalar. Vassforbruket viste eit stabilt nivå, og det var noko nedgang i utslepp av kjemikalier. Rapporten viste også nedgang i CO₂-utslepp frå flyreiser og i talet på flyreiser.

I 2025 blei det oppretta ei eiga nettside som

presenterer korleis NIH arbeider med berekraft innan områda: Grønt NIH, inkludert anskaffingar/innkjøp, klimarekneskap, reisepolicy, energiforbruk, arrangement og bevertning, avfallshandtering og kjeldesortering, drift av campus, organisasjon og HMS.

NIH deltek no også i eit felles sektornettverk av miljørådgjevarar. Dette blir opplevd som nyttig både for læring, inspirasjon og deling av kompetanse på tvers av institusjonar.

Campusdrift

Som ledd i arbeidet med universell utforming har NIH mellom anna gitt innspel om å omdisponere eit garderobe- og dusjanlegg frå tradisjonell kjønnssinndeling til ei løysing omtala som «garderobe for alle». Dette representerer ei nytenkjande tilnærming og er føreslått som pilotprosjekt i det vidare arbeidet.

Statsbygg igangsette i 2022 førebuaende arbeid og prosjektering av dei delane av bygningsmassen som ikkje vart rehabilitert i perioden fram til ferdigstilling hausten 2017. Desse vurderingane og prosjekteringsarbeida har teke lengre tid enn opphavleg lagt til grunn. NIH er representert i prosessen og medverkar aktivt.

Omfanget og dei identifiserte konsekvensane for vedlikehaldsprosjektet indikerer at gjennomføringa av byggearbeida kan bli meir omfattande enn først føresett. Areal som inngår i vedlikehaldsomfanget omfattar vesentlege delar av NIH sitt samla undervisnings- og forskingsareal, inkludert spesialiserte laboratorium som er vanskelege å erstatte, i tillegg til størstedelen av undervisningslokala på campus.

NIH har gjort det tydeleg for Statsbygg at prosjektet ikkje kan gjennomførast i tråd med dei

innleiande planane. Det er tale om eit større prosjekt med ein gjennomføringshorisont på 12–18 månader, som må delast opp i delprosjekt for å sikre at NIH si primærverksemd kan vidareførast utan vesentlege avbrot eller negative konsekvensar.

Statsbygg inngjekk hausten 2025 ein samspelkontrakt med entreprenør. Den første fasen av samspelsperioden skal vare fram til sommaren 2026, og NIH deltek aktivt i denne fasen. Som del av vedlikehaldsprosjektet vart éin av to heisar skifta ut hausten 2024, og den andre tidleg i 2025. Det vart også gjennomført ombygging av eit kontorareal for å etablere nye arbeidsplassar.

I rehabiliteringsperioden 2015–2017 vart det installert varmepumper med formål om å effektivisere energibruken og redusere straumforbruket. Hausten 2025 vart ein eldre el-kjel erstatta med ny kjel, som no er sett i drift. Tiltaket er retta mot reduksjon i energiforbruk og driftskostnader, samt betre og meir stabil varmeforsyning til den delen av bygningsmassen som ikkje er kopla til varmepumpedrifta.

Varmeanlegget har gjennom året vist betra stabilitet, med færre periodar med ustabil varmeleveranse samanlikna med tidlegare år. Statsbygg har likevel enno ikkje ferdigstilt arbeidet med vindaug og solavskjerming knytt til prosjektet frå 2015–2017. Det oppstår framleis sprekkdanning i glas og ustabile persienner, noko som reduserer den planlagde effekten av varmepumpeløysinga.

Tidleg hausten 2025 vart det avdekt lekkasje i dusjanlegget tilknytt symjehallen. NIH og Statsbygg sette i verk strakstiltak for skadereduksjon. Mot slutten av året vart dusjanlegget stengt, og det vart etablert mellombelse dusjfasilitetar slik at symjehallen

framleis kan nyttas i undervisning og forskning medan utbedringsarbeida pågår. Ferdigstilling er estimert til mars 2026.

Fettutskiljaren til studentkantina er definert som brukarutstyr. Denne, med tilhøyrande komponentar, vart i 2025 grave opp og erstatta. Tiltaket var nødvendig for å unngå mellombels stenging av kantina og for å hindre utslepp av ureinsa vatn og slam.

NIH er kjend med det nye regelverket for inngåing av nye leigeavtalar, men har per i dag ikkje behov for tilleggsareal. Vidare har institusjonen delteke i ei undersøking initiert av KD for å kartleggje arealeffektivisering, og sjølv om det kan vere moglegheiter for dette, har ikkje institusjonen dei nødvendige økonomiske rammene for å iverksette og gjennomføre tiltak.

Avsetningar og måloppnåing

Noregs idrettshøgskole har per 31.12.2025 ei negativ avsetjing på 3,3 millionar kroner. På grunn av overskot i 2025 er avsetjingsnivået 10,4 millionar kroner betre samanlikna med 2024. Verken avsetjingsnivået eller overskotet har påverka NIH si måloppnåing i vesentleg grad. For å oppnå ei positiv avsetjing, har institusjonen sett i verk fleire tiltak som er venta å gi effekt frå og med 2025.


Investeringsplan

NIH har utarbeidd ein investeringsplan som sist blei godkjend ved handsaminga av årsrekneskapen for 2025. Ein oppdatert plan for perioden 2026–2031 vil bli presentert ved

handsaminga av årsrekneskapen for 2025. Denne planen inneheld ei oversikt over investeringsbehova våre i denne perioden.

Investeringsplanen reflekterer NIHs behov for fornying av utstyr og infrastruktur, der mykje ikkje har økonomisk dekning. Difor vil vi årleg leggje

fram ein revidert plan for styret som viser kva som er planlagt, og kvar vi har økonomisk dekning. NIH arbeider kontinuerleg med å finne finansiering for behova i investeringsplanen på lang sikt. Investeringane for 2026 er spesifiserte innanfor dei rammene NIH har for å finansiere dei.



5 \ Vurdering av framtidssutsikter

NIHs akademiske posisjon

Forsking

Forskingssinnsatsen er tett kopla til den overordna strategien for NIH, der berekraft, kvalitet, relevans og samfunnsbidrag står sentralt. Målet er å utvikle kunnskap som både styrker kjernen i idrettsvitskapen og bidreg til løysingar på nasjonale og globale utfordringar knytte til kunnskapsfeltet våre.

Gjennom ei brei og kvalitativt sterk forskingsportefølje arbeider vi strategisk for å:

- løfte folkehelsa og fremje livslang rørsleglede
- utvikle berekraftige løysingar i og gjennom idrett og fysisk aktivitet
- styrkje teknologi- og kunnskapsutvikling på tvers av fagområde
- bidra til inkluderande praksisar og like moglegheiter i rørslesamfunnet
- auka forskingssamarbeidet med privat, offentleg og ideell verksemd
- vidareutvikle idrettsvitskapen som kunnskapsfelt

I tråd med strategien sin ambisjon om meir tverr- og fleirfagleg kunnskapsutvikling arbeider vi målretta for å skape fleire arenaer der fagmiljø møtest og tenkjer nytt saman.

Studentinvolvering er ein integrert del av denne strategiske satsinga. Som kunnskapsinstitusjon skal vi gi studentane erfaring med forskingsprosessar som speglar arbeidslivet og forskarrolla i ei kompleks framtid, og samstundes styrkje rekrutteringa til akademien.

Ein sentral dimensjon er å styrkje nasjonalt og internasjonalt tilstadeverande. Vi prioriterer arbeidet med å delta i og leie prosjekt innan nasjonale satsingar i tillegg til Horisont Europa og Erasmus+. Denne satsinga gjer NIH betre rusta til å:

- delta i nasjonale og internasjonale forskingskonsortium
- påverke europeiske agendaer innan helse, idrett, skule, teknologi og berekraft
- styrkje mobilitet og kunnskapsutveksling for både tilsette og studentar

Internasjonal deltaking er ikkje berre eit mål i seg sjølv, men eit strategisk verkemiddel for å sikre høg kvalitet, større gjennomslag og auka relevans i forskinga.

For å sikre forskingskapasitet og kvalitet på lang sikt, er NIH oppteken av å gi yngre forskarar gode utviklingsløp. Dette skal følgjast opp gjennom

- auka involvering i prosjektutvikling og prosjektleiing
- ansvar i ph.d.-rettleiing og internasjonale samarbeidsprosjekt

Foto: Daniel Kivle.



- målretta tiltak for karriereutvikling og kompetanseheving

Denne satsinga styrkjer ikkje berre NIH som forskingsinstitusjon, men byggjer ein kultur for leiarskap, nyskaping og langsiktig fagleg berekraft.

Utdanning

NIH sine utdanningar har ein sterk posisjon i sektoren. Dette blir stadfesta av ein høg del fyrstevalssøkjjarar og ein stabil gjennomføringsgrad på normert tid. Sjølv om NIH viser gode tal, er institusjonen ikkje immun mot samfunnsendringar. Søkjargrunnlaget for heile sektoren er venta å falle, særleg etter 2030, som følgje av mindre ungdomskull. Dette understrekar behovet for å styrkje NIH sin posisjon i konkurransen om studentane.

For å lukkast med dette er det avgjerande at arbeidet med studiekvalitet blir vidareført og styrkt, slik at utdanningane held høg fagleg standard og gir studentane eit godt og relevant læringsutbyte. Dette inneber både å vidareutvikle det vi allereie gjer godt, og samstundes våge å ta tak i dei utfordringane vi står overfor.

Utviklinga av studieporteføljen dei siste ti år viser ein positiv vilje til fagleg breidde og fornying. Samstundes peikar utviklinga på behovet for å halde eit heilskapleg blick på porteføljen, slik at nye studietilbod blir vurderte i samheng med eksisterande aktivitet og samla ressursgrunnlag. Dei campusbaserte utdanningane er grunnsteinen i NIH si verksemd og vil også framover vere sentrale i studieporteføljen. Samstundes vil NIH leggje til rette for at fleire kan ta del i utdanningane gjennom ulike utdanningsformer. Dette omfattar mellom anna nettbaserte utdanningar og emne, samt vidare utvikling av hybride løysingar.

Gjennom porteføljestyling vil institusjonen søkje å sikre ein føremålstenleg balanse mellom campusbaserte og meir fleksible studietilbod, i tråd med faglege mål, studentane sine behov og tilgjengelege ressursar.

KI har potensial til å styrkje både læringsprosessar og vurderingsformer i høgare utdanning. Det er sett i verk fleire tiltak for å styrkja vår bruk av KI i utdanningane, samstundes er integreringa av KI i lærings- og vurderingsarbeidet framleis under utvikling. Vidare framover vil det vere behov for å byggje kompetanse og sikre tilstrekkeleg opplæring og støtte for både tilsette og studentar, slik at KI kan nyttast på ein fagleg forsvarleg, medviten og formålstenleg måte.

NIH har eit godt og robust utgangspunkt for å møte både dagens og framtidens krav til høgare utdanning. Gjennom målretta utviklingsarbeid, tydelege prioriteringar og vidare samarbeid mellom tilsette og studentar kan NIH halde fram med å vidareutvikle utdanningane og styrkje vår rolle som ein leiande aktør innan idrettsvitskap.

Internasjonalisering

I 2025 gjennomførte NIH ei systematisk og omfattande kartlegging av institusjonen sitt internasjonale samarbeid og faglege nettverk. Kartlegginga omfatta heile organisasjonen og gav ei samla oversikt over dagens strategiske partnerskap innan både utdanning og forskning.



Derfor bør du heller lage kantgrop enn snøhule, skreiv førstelektor i friluftsliv, Jannicke Høyem om på NIH-bloggen. Den blei svært godt lest til blogg å vere på forskning.no, og fekk nærmare 7000 sidevisningar.

Foto: Trond Augestad.

Arbeidet gir oss eit grunnlag for den langsiktige satsinga til NIH på internasjonalisering og skal bidra til å styrkje kvalitet, stabilitet og utviklingskraft i fagmiljøa våre. Kartlegginga dannar òg eit viktig grunnlag for institusjonen sin pågåande universitetsakkrediteringsprosess og for vidare strategiske prioriteringar på internasjonaliseringsområdet.

Øvrige framtidsutsikter

Økonomiske framtidsutsikter

NIH fekk auka rammer med 10 millionar kroner frå og med 2025, og vi gjennomførte fleire tiltak for å betre resultatet, mellom anna ved å halde nokre stillingar vakante i ein treårsperiode. Dette bidrog til å betre institusjonen sine negative avsetningar, og rekneskapen for 2025 viser eit overskot på 10,6 millionar kroner. NIH vurderer den økonomiske situasjonen for 2025 som tilfredsstillande, samstundes som organisasjonen må halde fram med å ha merksemd på aktivitetar og økonomi.

NIHs langtidsbudsjett viser at ein vil oppnå ei positiv avsetning i 2027.

Styret ved NIH vedtok i 2025 fleire endringar i utdanningsporteføljen, med to nye masterprogram, fleire digitale emne og andre tilbod innan fleksibel utdanning. Nøkkelen til å oppretthalde høg aktivitet er å kunne tilby tidsriktige kurs, og med dette kan vi få noko auka rammer i dei kommande åra. Samstundes vil det vere utfordrande for institusjonen å halde eit kostnadsnivå som balanserer inntektene, særleg når ein tek omsyn til behovet for reinvestering i brukarutstyr og laboratorieinfrastruktur. NIHs unike anlegg bidreg til kvaliteten i kjerneaktivitetane våre og i utdanningstilbodet, men er òg ein vesentleg kostnadsdrivar.

Statsbygg legg planar for dei komande åra for oppussing av delar av bygningsmassen, der mange laboratoriar og undervisningsareal inngår. Arbeidet skal i størst mogleg grad tilpassast den daglege drifta ved NIH, men ei slik oppussingsplan kan likevel medføre redusert

aktivitet både i forskning og undervisning. Prosjektorganisasjonen som er etablert ved NIH i samband med oppussingsprosjektet, vil vere avgjerande for å minimere desse konsekvensane.

Berekraft, klima og miljø

NIH vil gjennom å vere Miljøfyrtårn jobbe systematisk med miljøleing og berekraft, inkludert tiltak for å redusere klimaavtrykk og betre ressursbruken. Det vil bli rapportert årleg innan 1. april til Miljøfyrtårn og til styret i mai. Resertifisering for NIH vil skje i 2028. Å bli sertifisert som Miljøfyrtårn vil styrkje kontinuiteten med berekraftsarbeidet og sikre at organisasjonen har fokus på tematikken også gjennom at det finst målepunkt for arbeidet som vert gjort.

Det at arbeidet er forankra med ei eiga arbeidsgruppe med representantar frå heile institusjonen og studentar vil vere med å sikre medbestemming, involvering og engasjement. Det vil bli arbeidd jamleg med både iverksetjing, oppfølging av tiltak og rapportering. NIH vil arbeide konsentrert rundt områda energi, avfall, transport, ombruk og sirkularitet. Tiltaka omfattar mellom anna grønare innkjøp, ombruk av kontormøblar, redusert vassforbruk, redusert energiforbruk, mindre avfall, lågare utslepp frå reiser og tiltak for å redusere utslepp i naturen.

I arbeidet med å redusere klimagassutslepp frå reiser vil det bli gjennomført ei reisevaneundersøking blant tilsette og studentar. Målsettinga med dette er å kartlegge, men også å stimulere til berekraftig transport til og frå campus. Det skal også utarbeidast ein oppdatert reise-policy for jobbreise ved NIH som ein del av dette arbeidet. Målsetninga er samla sett å redusere CO₂-utslepp frå flyreise.

I arbeidet med å auke sorteringsgraden vil effekt av tiltak med betre merking bli målt og nye tiltak

vil bli vurdert dersom dette ikkje gir effekt.

Det vil også bli arbeidd generelt med tiltak for å redusere mengda avfall frå NIH.

Det vil bli arbeidd med å minske vassforbruket gjennom tiltak med bassenget og undersøkt korleis dette kan betrast gjennom tiltak med temperatur og dusjar.

For å redusere generell bruk av emballasje og dermed utslepp frå frakt og i tillegg redusert forbruk av vatn, vil vi undersøke andre typar handsåper. For NIH vil dette også kunne gje reduksjon i lagringsbehov.

I 2026 vil det verte innfasa sortering for gjenvinning av handtørkepapir i fleire soner og det vil gjennomførast arbeid med å vurdere grønare produkt, teste og pilotere for potensiell innfasing.

For fotballbana vil det arbeidast for å erstatte plastgranulatet innan 2030.

Berekraft har vore ein del av den strategiske planen for perioden 2021–2025 og det er venteleg at berekraft også vil ha fokus i ny strategisk plan.

NIHs klimaregnskap viser at energi er den største kjelda til utslepp, etterfølgt av reiser og avfall. Tala vil samanliknast med tidlegare år for å sikre at utviklinga går i ønska retning. Dei seinare åra har det vore gjennomført, og det blir planlagt for vidare gjennomføring av, vedlikehaldstiltak som skal medverke til redusert straumforbruk. Statsbygg og NIH samarbeider på dette området. Tiltak som utskifting av ventilasjonsaggregat, overgang til lågtemperaturdrift (varme/kjøling) i heile bygningsmassen og utskifting av lyskjelder til LED vil ha innverknad på NIHs samla energibehov, og bidra til ytterlegare reduksjon i straumforbruket.

Når det kjem til eventuelle klimaendringar vil dette kunne påverke oss både med omsyn til drift av bygningsmassen, men kan også påverke korleis vi imøtekjem dette med studietilboda våre f.eks direkte innan friluftsliv og indirekte gjennom korleis møte berekraftsutfordringane som samfunn gjennom utdanning av kandidatar og tematikk i forskingsprosjekt.

Digitalisering av arbeidsprosessar

Digitalisering er ein av fleire innsatsfaktorar som skal bidra til auka kvalitet og effektivitet i heile organisasjonen i åra som kjem. Dette krev auka merksemd på tverrfagleg samarbeid mellom IT-avdelinga og institutta og dei administrative einingane ved NIH.

Styret ved NIH vedtok 7. mars 2024 å starte ein prosess for å sikre at tenestetilbodet frå IT-avdelinga vil vere eigna til å møte organisasjonen sine framtidige behov for IT-tenester, og at IT-avdelinga vil vere i stand til å gi proaktiv støtte til utviklinga av verksemda gjennom digitalisering. Operasjonaliseringa av dette vedtaket har to hovudfokus:

- A. Standardtenester for brukaradministrasjon, klientdrift og drift av nettverk og serverar blir leverte, forvalta og vidareutvikla gjennom ei outsourcingsavtale med ein profesjonell ekstern tenesteleverandør.
- B. Kompetansen i IT-avdelinga blir utvikla slik at avdelinga blir sett i stand til å bidra proaktivt til utviklinga av heile verksemda, i første omgang gjennom styrking av fagområda IT-rådgjeving, IT-arkitektur og IT-strategi.

Framtidige satsingsområde for digitalisering omfattar:

- Vidareføring av prosessdigitalisering kor UH-sektoren har eit stort fellesskap, særleg

innanfor administrative prosessar. Dette arbeidet må og vil i stor grad bli gjennomført i samarbeid i sektoren.

- Etter kvart som kunstig intelligens modnast frå dagens hovudfokus på store språkmodellar, vil vi i åra som kjem sjå at KI kan nyttast mellom anna til forskning og prosjektstøtte (gjennomgang av litteratur, støtte i rapportering, strukturering av søknader osv.), samt til saksbehandling (kvalitetssikring opp mot regelverk, oppsummering av komplekse saksgrunnlag, utkast til konklusjonar og vedtak osv.). Dette vil medføre at KI blir en viktig produktivitetsforsterkar i sektoren og ved NIH.

Desse to områda føreset at vi vidarefører arbeidet med å gjenbruka data frå opphavleg kjelde (masterdata), klargjer eigarskap til data og kuratere data for å kunne auke bruken av data til reell avgjerdsstøtte. Vi må også vidareføre opprydding, modernisering og vidareutvikling av korleis IT-systema våre deler oppgåver og kommuniserer med kvarandre (IT-arkitekturen). Til sist må vi vidareføre verksemdsstyrt risikostyring som eit grunnleggjande prinsipp for arbeidet med informasjonstryggleik og personvern, for å sikre balansen mellom verksemda sine strategiske og operative behov og tilstrekkeleg fokus på informasjonstryggleik og personvern.

Biblioteket

Biblioteket skal fortsette arbeidet med innføring og tilpasningar av Nasjonalt vitenarkiv (NVA) hos NIH, og med open forskning og arkivering av forskingsdata. I løpet av 2026 vil vi utforme utkast til NIH sin politikk for open forskning. Biblioteket har ei sentral rolle i arbeidet med forskingstenester ved NIH. Difor vil vi på både kort og lang sikt fortsette å legge vekt på arbeidet med dette, samt utprøving og innføring av KI-verktøy, og utvikling av bibliotekverksemda

generelt i tråd med behova til dei ulike brukergruppene ved NIH og i samfunnet.

Campusplanar

Olympiatoppen (OLT) har søkt byggjeløyve for utvikling og realisering av eit nytt toppidrettssenter på NIHs eigedom, inkludert reetablering av fleire utandørsanlegg og nokre mindre bygg. Oslo kommune gav rammetillating våren 2024. Seint i 2024 inngjekk OLT/NIF ein samspelkontrakt med entreprenør, og målet for 2026 er å sikre fullfinansiering av prosjektet. NIH støttar planane og har i hovudsak semje om prosjektomfanget. Statsbygg fører eigen sak med OLT knytt til arealavståing for etablering av nytt bygg på eigdommen.

Etter gjennomført verdikartlegging og eigne tilstandsvurderingar av brukarutstyr, starta NIH i 2025 eit meir konkret arbeid med å identifisere kva utandørsanlegg og brukarutstyr som må oppgraderast og vedlikehaldast dei komande åra. Det vert òg vurdert vidare utvikling av andre uteområde på eigdommen, som Sognsvann snøpark. Desse vurderingane er uavhengige av planane om nytt nasjonalt toppidrettssenter.



Over 100 masterstudentar feira at dei hadde fullført utdanninga si hos oss i juni.

Foto: Marlene Myhrer.

6 \ Årsrekneskap

Leiarkommentar

Føremål

Noregs idrettshøgskole er ein statleg vitskapleg høgskule som er nettobudsjettert. NIH har eit nasjonalt ansvar for utdanning og forskning innan idrettsvitskap. Forskingsverksemda ved NIH er basert på eit breitt spekter av disiplinar, fag og aktivitetsretta tilnærmingar. Studia ved NIH er forskingsbaserte og skal dekkje samfunnets behov for kompetanse på feltet. Programma kvalifiserer for arbeid i skuleverket, helsevesenet, offentleg forvaltning, privat og frivillig sektor, samt ved forskingsinstitusjonar. NIH har òg ansvar for å formidle relevant kunnskap til samfunnet.

Stadfesting

Rekneskapen gir eit dekkjande bilete av verksemda si økonomiske stilling og er avlagt i samsvar med bestemmingane om økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet, statlege rekneskapsstandardar (SRS) og krav frå overordna departement.

Årsrekneskap 2025

Resultatet for 2025 viser eit overskot på 10,6 millionar kroner, noko som er 21,1 millionar kroner betre enn styregodkjent budsjett.

Vurdering av perioden si drift og vesentlege avvik mellom resultatrekneskap og budsjett

Rekneskapen for 2025 viser eit positivt avvik på 21,1 millionar kroner samanlikna med budsjett.

Sum driftsinntekter viser et avvik på 5 millionar kroner. i forhold til budsjett. Avvika knyter seg til:

- «inntekt frå tilskot og overføringar» på 2,5 mill .kr., som kjem av høgare inntekter frå bidragsprosjekt enn budsjettert.
- «sals- og leigeinntekter» samt «andre driftsinntekter» viser et avvik på 2,3 millionar kroner, hovudsakleg grunna høgare inntekter frå kurs og konferansar enn budsjettert.

Sum driftskostnader inkl. avskrivningar viser eit mindreforbruk på 16,1 millionar kroner samanlikna med budsjett.

Avvika knyter seg til lønnsutgifter, som viser eit mindreforbruk på 11,9 millionar kroner, i tillegg til andre driftskostnader på 4,3 millionar kroner.

Årsaker til avvik i lønn:

- Det blei i styregodkjent budsjett lagt til grunn eit høgare lønnsoppgjer (5,2 prosent) enn det som blei resultatet for både 2024 og 2025. Avviket knytt til dette utgjør om lag 7 millionar kroner.
- For lågt budsjettert refusjonar på 2,2 millionar kroner.
- I tillegg kjem forseinkingar i tilsetjingar og lågare forbruk til timelærarar enn budsjettert.

Årsaker til avvik i driftskostnader:

- Mindreforbruk på elektrisitet på kr 6,8 millionar kroner.
- Mindreforbruk på reiseutgifter på 2,4 millionar kroner.
- Meirforbruk knytt til leige av vikarar i samband med omstillingsprosessen på IT, på 3 millionar kroner, i tillegg til behov for IT-bistand fram til avtale med tenesteleverandør var på plass, og behov for arkivar i periodiseringsprosjektet.

- Meirforbruk på leige av programvare på 3,5 millionar kroner, som skuldast forseinking i implementering av kontrakten med IT-tenesteleverandøren.

Rekneskap per 2025 samanlikna med 2024

Årsrekneskapen for 2025 viser eit betre resultat enn 2024. Inntekt frå løyving er auka med 27,1 millionar kroner, mellom anna grunna auka budsjettramme på 10 millionar kroner i 2025 og høgare aktivitet på utdanningssida.

Driftskostnadane er om lag på same nivå som i 2024, når ein tek omsyn til løns- og prisstigning.

Oppsummert

Den økonomiske drifta for 2025 er betra samanlikna med 2024, som følgje av auka rammer, høgare aktivitet og eit overskot på 10,6 millionar kroner.

NIH vurderer den økonomiske situasjonen for 2025 som tilfredsstillande, men vil halde fram med tett økonomioppfølging.

NIH har gjennomført fleire tiltak for å betre resultatet; mellom anna held NIH 12 stipendiatstillingar vakante i inntil tre år, og har stramma inn høvet til å overføre ubrukte midlar. I langtidsbudsjettet for perioden 2026–2030 er det venta noko betre økonomi og eit budsjett med positivt resultat.

Utvikling i avrekna bevilgningsfinansiert aktivitet og ikkje inntektsført løyving

Netto resultatført avsetjing frå løyvingsfinansiert verksemd (BFV) er som følgje av overskotet

reduisert frå 13,8 millionar kroner per 31.12.24 til 3,3 millionar kroner per 31.12.25 (jf. sum avrekna løyvingsfinansiert aktivitet i note 15 del I).

Avsetjing i konkrete påbegynte, ikkje fullførte driftsoppgåver er auka med 12 millionar kroner frå –18,4 millionar kroner per 31.12.24 til –6,4 millionar kroner per 31.12.25, grunna overskotet. Av dette er 2,8 millionar kroner sett av til annuum (driftsmidlar) og lønn for stipendiatar, slik at avsetjing til ordinær drift utgjer –9,3 millionar kroner per 2025.

Sum vedtekne og påbegynte investeringsprosjekt viser ein nedgang på 1,5 millionar kroner samanlikna med 31.12.24, som følgje av bruk av avsette midlar til investering.

Ikkje inntektsførte tilskot og overføringar (eksternfinansiering) (jf. note 15 del II) utgjer 14,8 millionar kroner per 31.12.25, som er 7,9 millionar kroner lågare enn per 31.12.24. Endringa skuldast lågare innbetalingar knytt til BOA i 2025.

Oppsummert

Avsetjing til andre føremål utgjer per 31.12.25 –6,4 millionar kroner (–1 prosent). (Jf. tabell)

Avsetjing til investering utgjer per 31.12.25 3,1 millionar kroner (1 prosent), og er tiltenkt investeringar i laboratoria og utstyr til idrettsmedisinske fag.

Det er viktig for NIH å ha midlar til framtidige investeringar og vedlikehald, og avsetjinga per 31.12 blir derfor vurdert som eit ikkje akseptabelt nivå.

AVSETNINGER TIL ANDRE FORMÅL OG INVESTERINGER FRA KUNNSKAPSDEPARTEMENTET	Bevilgning for 2025	Avsetning pr. 31.12.2025 i kr	Avsetning pr. 31.12.2025 i pst.
Avsetninger til andre formål	305 147	-6 449	-2 %
Avsetninger til investeringar	305 147	3 117	1 %
Sum avsetninger fra Kunnskapsdepartementet	305 147	-3 332	-1%

Gjennomførte og planlagte investeringer

NIHs investeringar for 2025 utgjer 8,6 millionar kroner. og er knytte til av kjøp PCar og utstyr (2,7 millionar kroner.), kjøp av inventar (0,9 millionar kroner.), ny feittutskiljar til kantina (1,2 millionar kroner.), og i tillegg innkjøp av utstyr til laboratoria, inkludert kraftplattform (3,8 millionar kroner.).

Det blei gjennomført investeringar på 1,5 millionar kroner. utover styregodkjend investeringsplan for 2025 på 7,1 millionar kroner. Årsaken til dette er knytt til:

Investering på til saman 1.4 millionar kroner. utover planlagt knytt til utstyr til laboratoria.

Investering på til saman 0,5 millionar kroner. utover planlagt knytt til kontorplassar og feittutskiljar.

Det blei brukt om lag 0,4 millionar kroner. mindre til IT-utstyr enn planlagt.

For 2026 er det i investeringsplan lagt opp til investeringar på til saman 7,2 millionar kroner. Investeringane er knytte til kjøp av IT-utstyr, utstyr til laboratoria, luker- og innfestningar i idrettshall, golv i gymsalar og stupebrettløftar og utgjer til saman 5,7 millionar kroner.

Dersom det i løpet av året er ledige midlar vil det bli gjort investeringar i møblar og idrettsutstyr som til saman utgjer 1,5 millionar kroner.


Revisjon

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for NIH.

13.03.2026




Aage Radmann




Per Nilsson




Astrid Karoline Søby Ofteda



Nina Waaler



Sigmund Alfred Anderssen



Heidi Linn



Oddrun Elisabeth Samdal



Siv Gjesdal



Håkon Lund



Knut-Eirik Dybdal



Elisabeth Teinung



Unn-Hilde Grasmø Wendler
Administrerende direktør

Virksomhet: Noregs idrettshøgskole

Prinsippnote - SRS

Generelle rekneskapsprinsipp

Verksemdsrekneskapet er sett opp i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande statlege rekneskapsstandardane (SRS). Alle rekneskapstal er oppgjevne i 1 000 kroner dersom ikkje anna er særskilt opplyst.

Anvendte rekneskapsprinsipp

Inntekter fra løyvingar og inntekter frå tilskot og overføringar

Inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot blir resultatført etter prinsippet om motsett samanstilling. Dette inneber at inntekt frå løyvingar og tilskot blir resultatført i takt med at aktivitetane som blir finansierte av desse inntektene vert utførte, det vil seie i same periode som kostnadene oppstår (motsett samanstilling).

Grunnløyving frå departementet som er meint å finansierte ordinære driftsaktivitetar, er opptent per 31.12 dersom ikkje institusjonen eller departementet har sett konkrete og målbare krav til gjennomføring av aktiviteten. Løyving knytt til konkrete oppgåver og investeringar som ikkje er gjennomførte på balansedagen, er klassifisert som ikkje inntektsført løyving og presentert i del III i note 15.

Overskot frå løyvingsfinansierte aktivitet er presentert som avrekna løyvingsfinansierte aktivitet i del C Statens kapital i balansen. Bidrag og tilskot frå statlege etatar, inkludert tilskot frå

Noregs forskingsråd og andre bidrag og tilskot som ikkje er nytta på balansedagen, er presentert som anna kortsiktig gjeld på rekneskapslinja for ikkje inntektsført tilskot og overføringar i balansen. Det same gjeld for gåver.

Den delen av inntekt frå løyvingar og tilsvarende som blir brukt til anskaffing av immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel som blir balanseførte, blir ikkje inntektsført på anskaffingstidspunktet, men avsett i balansen på rekneskapslinja statens finansiering av immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel.

I takt med kostnadsføringa av avskrivningar av immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel, blir eit tilsvarende beløp inntektsført frå avsetninga statens finansiering av immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel. Periodens inntektsføring frå avsetninga blir resultatført som inntekt frå løyvingar. Dette medfører at kostnadsførte avskrivningar inngår i verksemda sine driftskostnader utan resultateffekt

Inntekter frå transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjonar blir resultatført til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt blir resultatført når ho er opptent. Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet når risiko og kontroll er overført til kjøpar. Sal av tenester blir inntektsført i takt med utføringa.

Kostnader

Utgifter som gjeld transaksjonsbaserte inntekter er kostnadsført i same periode som tilhøyrande inntekt.

Utgifter som blir finansierte med inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar, er kostnadsført i same periode som aktivitetane er gjennomførte og ressursane er forbrukte.

Pensjonar

SRS 25 Ytingar til tilsette legg til grunn ei forenkla rekneskapsmessig tilnærming til pensjonar. Statlege verksemdar skal ikkje balanseføre netto pensjonsforpliktingar for ordningar i Statens pensjonskasse (SPK).

Vi har resultatført arbeidsgivarandelen av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon er kostnadsført som om pensjonsordninga i SPK var basert på ein innskotsplan.

Frå 2022 har SPK lagt om pensjonspremiemodellen for statlege verksemdar. Frå 01.01.2022 betaler verksemda ein verksemdsspesifikk hendingbasert arbeidsgjevarandel som del av pensjonspremien. At premien er verksemdsspesifikk, betyr at ho blir berekna ut frå forhold ved den enkelte verksemda og ikkje for grupper av verksemdar samla. At ho er hendingbasert, betyr at ho tek omsyn til faktiske hendingar i medlemsbestanden, slik at premiereserven er ajour med medlemmane si opptening. Medlemsdelen på to prosent av lønsgrunnlaget er uendra.

Leigeavtalar

Vi har valt å bruke forenkla metode i SRS 13 Leigeavtalar og klassifiserer alle leigeavtalar som operasjonelle leigeavtalar.

Klassifisering og vurdering av anleggsmiddel

Anleggsmiddel er varige og vesentlege eigedelar som blir disponerte av verksemda. Varige eigedelar er eigedelar med utnyttbar levetid på tre år eller meir. Vesentlege eigedelar er eigedelar med anskaffingskost på 50 000 kroner eller meir. Anleggsmiddel er balanseført til anskaffingskost fråtrekt avskrivningar.

Kontorinventar, datamaskiner og anna IKT-utstyr med utnyttbar levetid på tre år eller meir er balanseførte som eigne grupper.

Varige driftsmiddel blir nedskrivne til verkeleg verdi ved endra bruk eller utnytting dersom verkeleg verdi er lågare enn balanseført verdi.

Egenutvikling av programvare

Kjøp av bistand til utvikling av programvare er balanseført. Bruk av eigne tilsette til utviklingsarbeid er kostnadsført.

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter anskaffingstidspunktet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel blir vurdert til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp ved opptak.

Behaldning av varer og driftsmateriell

Behaldningar omfattar varer for sal og driftsmateriell som blir brukt i eller er ein integrert del av verksemda si offentlege tenesteyting. Innkjøpte varer er verdsette til anskaffingskost etter FIFO-metoden. Varebehaldningar er verdsette til det lågaste av anskaffingskost og netto realisasjonsverdi. Driftsmateriell er verdsett til anskaffingskost.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er ført opp til pålydande etter frådrag for avsetjing til venta tap. Avsetjing til tap blir gjort ut frå individuelle vurderingar av fordringane.

Valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurderte til kursen ved slutten av rekneskapsåret. Spotkurs frå Noregs Bank per 31.12 er lagt til grunn.

Statens kapital

Statens kapital utgjer netto av verksemda sine eigedelar og gjeld. Kapitalen består av verksemdskapital, avrekningar og utsett inntektsføring av løyving (nettobudsjetterte). Universitet og høgskular kan berre oppteke verksemdskapital innanfor oppdragsverksemd. Deler av desse midlane kan førast tilbake og inngå i verksemda sine tilgjengelege midlar til drift, anskaffingar eller andre formål. Midlar som gjennom interne disponeringar er øyremerkte slike formål, er klassifiserte som verksemdskapital.

Statens finansiering av immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel

Avsetjinga statens finansiering av immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel viser inntekt frå løyvingar og tilsvarande som er brukt til anskaffingar av slike eigedelar.

Kontantstraum

Kontantstraumsoppstillinga er utarbeidd etter den direkte metoden tilpassa statlege verksemdar.

Statlege rammevilkår

Sjølvassurandørprinsippet

Staten opererer som sjølvassurandør. Difor er det ikkje inkludert postar i balansen eller resultat som skal reflektere alternative netto forsikringskostnader eller forpliktingar.

Statens konsernkontoordning

Statlege verksemdar er omfatta av statens konsernkontoordning. Ordninga inneber at alle inn- og utbetalingar dagleg blir gjorde opp mot verksemda sine oppgjerskontoar i Noregs Bank.

Verksemda får tilført likviditet gjennom året i samsvar med utbetalingsplanen frå overordna departement og disponerer ein eigen oppgjerskonto i konsernkontoordninga i Noregs Bank. Denne renta blir ikkje berekna. Nettobudsjetterte verksemdar behaldar likviditeten ved årets slutt.

Resultatregnskap

Org.nr:971526033

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2025	31.12.2024
Driftsinntekter			
Inntekt fra bevilgninger	1	310 117	283 039
Inntekt fra tilskudd og overføringer	1	51 281	53 353
Inntekt fra gebyrer	1	0	0
Salgs- og leieinntekter	1	30 325	31 999
Andre driftsinntekter	1	1 284	198
Sum driftsinntekter		393 007	368 590
Driftskostnader			
Varekostnader		113	92
Lønnskostnader	2	248 361	236 733
Avskrivninger på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4,5	13 314	14 102
Nedskrivninger av varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4,5		878
Andre driftskostnader	3	120 699	115 215
Sum driftskostnader		382 487	367 021
Driftsresultat		10 521	1 568
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter	6	185	123
Finanskostnader	6	124	108
Sum finansinntekter og finanskostnader		61	15
Resultat av periodens aktiviteter		10 581	1 584
Avregninger og disponeringer			
Avregning bevilgningsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte)	15 I	-10 438	-1 553
Disponering av periodens resultat (til virksomhetskapsital)	8	-143	-31
Sum avregninger og disponeringer		-10 581	-1 584
Innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten			
Avgifter og gebyrer direkte til statskassen	9		
Avregning med statskassen innkrevningsvirksomhet	9		
Sum innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten		0	0
Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten			
Tilskudd til andre	10		
Avregning med statskassen tilskuddsforvaltning			
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten		0	0

Balanse

Beløp i 1000 kroner

EIENDELER	Note	31.12.2025	31.12.2024
A. Anleggsmidler			
I Immaterielle eiendeler			
Programvare og lignende rettigheter	4	66	97
Immaterielle eiendeler under utførelse	4		
Sum immaterielle eiendeler		66	97
II Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	5	3 193	2 282
Maskiner og transportmidler	5	6 183	3 743
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	5	26 987	35 084
Anlegg under utførelse	5		0
Infrastruktureiendeler	5		0
Sum varige driftsmidler		36 363	41 109
III Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	11		
Obligasjoner			
Andre fordringer	11A		
Sum finansielle anleggsmidler		0	0
Sum anleggsmidler		36 429	41 206
B. Omløpsmidler			
I Beholdninger av varer og driftsmateriell			
Beholdninger av varer og driftsmateriell	12		
Sum beholdning av varer og driftsmateriell		0	0
II Fordringer			
Kundefordringer	13	7 383	9 389
Opptjente, ikke fakturerte inntekter	16	1 418	453
Andre fordringer	14	18 592	19 159
Sum fordringer		27 393	29 001

Balanse forts.

Beløp i 1000 kroner

EIENDELER	Note	31.12.2025	31.12.2024
III Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd på konsernkonto i Norges Bank	17	69 909	64 393
Bankinnskudd for gaver og gaveforsterkninger	17	0	0
Andre bankinnskudd	17	875	3 279
Kontanter og lignende	17		
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		70 784	67 672
Sum omløpsmidler		98 177	96 674
Sum eiendeler drift		134 607	137 880
IV Fordringer vedrørende innkrevningsvirksomhet og andre overføringer			
Fordringer vedrørende innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten	9		
Sum fordringer vedrørende innkrevningsvirksomhet og andre overføringer til staten		0	0
Sum eiendeler		134 607	137 880

Balanse forts.

Beløp i 1000 kroner

STATENS KAPITAL OG GJELD	Note	31.12.2025	31.12.2024
C. Statens kapital			
I Virksomhetskapi tal			
Innskutt virksomhetskapi tal	8		
Opptjent virksomhetskapi tal	8	5 766	5 623
Sum virksomhetskapi tal		5 766	5 623
II Avregninger			
Avregnet bevilgningsfinansiert virksomhet (nettobudsjetterte)	15 I	-3 332	-13 771
Sum avregninger		-3 332	-13 771
III Utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjetterte)			
Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler	4, 5	36 429	41 206
Ikke inntektsført bevilgning	15 III	0	193
Sum utsatt inntektsføring av bevilgning (nettobudsjetterte)		36 429	41 399
Sum statens kapital		38 863	33 251
D. Gjeld			
I Avsetning for langsiktige forpliktelser			
Avsetninger langsiktige forpliktelser	19		
Sum avsetning for langsiktige forpliktelser		0	0
II Annen langsiktig gjeld			
Øvrig langsiktig gjeld			
Sum annen langsiktig gjeld		0	0
III Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		29 915	28 154
Skyldig skattetrekk og andre trekk		10 080	8 187
Skyldige offentlige avgifter		9 085	8 489
Avsatte feriepenger		20 492	19 315
Ikke inntektsført tilskudd og overføringer (nettobudsjetterte)	15 II	14 807	22 685
Mottatt forskuddsbetaling	16	904	954
Annen kortsiktig gjeld	18	10 460	16 845
Sum kortsiktig gjeld		95 744	104 628
Sum gjeld		95 744	104 628
Sum statens kapital og gjeld drift		134 607	137 880

Fortsetter neste side

Balanse forts.

Beløp i 1000 kroner

STATENS KAPITAL OG GJELD	Note	31.12.2025	31.12.2024
IV Gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer			
Ikke utbetalt bevilgning mottatt til tilskuddsforvaltning (nettobudsjetterte)	10		
Gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten	10		
Sum gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer		0	0
Sum statens kapital og gjeld		134 607	137 880

Kontantstrømoppstilling

Beløp i 1000 kroner

KONTANTSTRØMOPPSTILLING FOR NETTOBUDSJETTERTE VIRKSOMHETER (DIREKTE MODELL)	31.12.2025	31.12.2024	Budsjett 2026
Kontantstrømmer fra driftsaktiviteter			
Innbetalinger			
innbetalinger av bevilgning fra fagdepartementet (nettobudsjetterte)	305 147	271 572	325 162
innbetalinger av bevilgninger fra andre departementer (nettobudsjetterte)	0	0	0
innbetalinger fra salg av varer og tjenester	32 456	35 350	26 505
innbetalinger av avgifter, gebyrer og lisenser	0	0	0
innbetalinger av tilskudd og overføringer	25 532	22 740	20 821
innbetaling av refusjoner	0	0	0
innbetalinger knyttet til konsortie-/samarbeidsavtaler	0	0	0
andre innbetalinger	18 277	42 364	31 674
Sum innbetalinger	381 412	372 026	404 162
Utbetalinger			
utbetalinger av lønn og sosiale kostnader	249 084	236 943	264 429
utbetalinger for kjøp av varer og tjenester	117 170	113 656	133 484
utbetalinger av skatter og offentlige avgifter	55	-6	0
utbetalinger og overføringer til andre statsetater	0	0	0
utbetalinger og overføringer til andre virksomheter	0	0	0
andre utbetalinger	3 478	6 405	0
Sum utbetalinger	369 788	356 998	397 913
Netto kontantstrøm fra driftsaktiviteter*	11 624	15 028	6 249
Kontantstrømmer fra investeringsaktiviteter			
innbetalinger ved salg av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler (+)	27	58	0
utbetalinger ved kjøp av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler (-)	-8 599	-4 414	-4 380
innbetalinger ved salg av aksjer og andeler (+)	0	0	0
utbetalinger ved kjøp av aksjer og andeler (-)	0	0	0
innbetalinger ved salg av obligasjoner og andre fordringer (+)	0	0	0
utbetalinger ved kjøp av obligasjoner og andre fordringer (-)	0	0	0
innbetalinger av utbytte (+)	0	0	0
innbetalinger av renter (+)	88	48	0
utbetalinger av renter (-)	-3	0	0
Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	-8 487	-4 308	-4 380
Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter			

Kontantstrømoppstilling forts.

Beløp i 1000 kroner

KONTANTSTRØMOPPSTILLING FOR NETTOBUDSJETTERTE VIRKSOMHETER (DIREKTE MODELL)			
